



## MØTEINNKALLING ELDRERÅDET

**Møtedato:** 20.06.2018  
**Møtested:** Heradshuset, møterom 4. et.  
**Møtetid:** 13.00 - 15.30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost [solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no](mailto:solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no)

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
08/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2018.1	FWD: Tildeling av almennyttige midler for 2018
11/2018.2	VS: Ad. Eldrerådskonferansen 2018
11/2018.3	VS: Til eldrerådet
11/2018.4	VS: Til eldrerådet: Årsmelding 2017 frå fylkeseldrerådet
11/2018.5	VS: Møteprotokoll fylkeseldrerådet 15.03.18
11/2018.6	Tilskot til trygg skuleveg, tiltak i Kvamstotunnelen
12/2018	ELDREDAGEN 2018
13/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE

12. juni 2018

Helge Risnes  
Leiar



Vaksdal kommune



Vaksdal kommune



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	18/773

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	18/773

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Eldrerådet - 21.02.2018

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

**Møtedato:** 28.02.2018  
**Møtestad:** Møterom 2. et., Heradshuset  
**Møtetid:** 13.00 - 15.00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

---

**Andre møtande:**  
Solrun Hauglum

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
04/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2018	ÅRSMELDING 2017 ELDRERÅDET
06/2018	SAMARBEID RUNDT AKTIVITETSTILTAK FOR ELDRE I KOMMUNEN
07/2018	TALE- OG MØTERETT I KOMMUNESTYRET FOR ELDRERÅDET



**01/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 01/2018 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 02/2018 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Eldrerådet 28.02.2018**



**Behandling:**

Eldrerådet ønsker synfaring på Daletunet/Helsehuset.

Eldrerådet kom med forslag om å nytta flygeblad i postkassane for å verva deltakarar til "MedvirkDem".

**ELD - sak 03/2018 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teken til orientering.

---

**04/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 04/2018 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

---

**05/2018: ÅRSMELDING 2017 ELDRERÅDET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 05/2018 Vedtak/Tilråding:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

---





**06/2018: SAMARBEID RUNDT AKTIVITETSTILTAK FOR ELDRE I KOMMUNEN**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 06/2018 Vedtak/Tilråding:**

Eldrerådet tek saka til orientering og støttar bruk av samskapingsplattformen Friskus i 2018.

---

**07/2018: TALE- OG MØTERETT I KOMMUNESTYRET FOR ELDRERÅDET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

<Skriv forslag her>

**Eldrerådet 28.02.2018**

**Behandling:**

**ELD - sak 07/2018 Vedtak/Tilråding:**

Eldrerådet sluttar seg samrøystes til forslaget om talerett i Kommunestyret.

---



**Eventuelt:**

- Markering av Eldredagen 2018. Eldredagen 1. oktober vert som vanleg markert med Eldrefest. Turbinen er bestilt. Program vart diskutert, og leiar tek kontakt med aktuelle kåsørar. Leiar og sekretær vert bedt om å søkja Sparebanken Vest om tilskot til festen innan fristen 1. april.
- Tilhøva i Kvamsotunnelen. Eldrerådet ber om at det vert sendt eit notat til einingsleiar for Samfunnsutvikling med spørsmål om kva som er gjort i denne saka, og når ein kan forventa at tiltak vert iverksett.
- Orientering om program for Spaserstokken våren 2018.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	18/773

### DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Orientering om status i "Lev Vel i Vaksdal" med underprosjekt.
- Orientering om bruk av "Friskus" og aktuelle arrangement og aktivitetar, m.a. "Spaserstokken".



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	18/773

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
11/2018.1	FWD: Tildeling av almennyttige midler for 2018
11/2018.2	VS: Ad. Eldrerådskonferansen 2018
11/2018.3	VS: Til eldrerådet
11/2018.4	VS: Til eldrerådet: Årsmelding 2017 frå fylkeseldrerådet
11/2018.5	VS: Møteprotokoll fylkeseldrerådet 15.03.18
11/2018.6	Tilskot til trygg skuleveg, tiltak i Kvamstotunnelen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**Fra:** hjrisnes@broadpark.no hjrisnes@broadpark.no  
<hjrisnes@broadpark.no>  
**Sendt:** lørdag 26. mai 2018 18.12  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** FWD: Tildeling av allmennyttige midler for 2018

Dette var gode nyheiter

Mvh Helge

Today, 9:59 <[allmennyttige.midler@spv.no](mailto:allmennyttige.midler@spv.no)> Wrote:

Eldrerådet i Vaksdal kommune

Eldrerådet, Vaksdal kommune, Konsul Jepsens gate 16

5722 Dalekvam

**Allmennyttige midlar for tildelingsåret 2018 – saksnummer 20180664**

Vi har glede av å fortelje at vi har vurdert søknaden dykkar og er komme til at tildeling til nettopp dette prosjektet eller denne ideen fell innanfor kriteria og formåla med den allmennyttige verksemda vår.

Hovudmålet for det lokale engasjementet vårt på Vestlandet er at vi saman med dykk kan skape verdi for framtida i tråd med kjernen i sparebanktradisjonen, som vi har vore ein del av sidan 1823.

Vi har glede av å stadfeste at vi har tildelt ei gåve på kroner 5 000,00 som er oppgitt skal brukast til dette formålet: 'Markering av Eldredagen 2018'. Beløpet vi har tildelt kan berre brukast til det nemnde formålet.

Gåvemottakar som har ført opp kontonummer i søknaden vil få beløpet overført til konto innan kort tid.

Dersom kontonummer manglar i søknaden må de snarast, og innan 12 månader etter gåva er tildelt, be om utbetaling ved å senda ein e-post med kontonummer og saksnummer til [Anja.Riise@spv.no](mailto:Anja.Riise@spv.no). Skulle vi ikkje høyre frå dykk innan fristen vil det tildelte beløpet bli tilbakeført til den allmennyttige verksemda vår.

Denne tildelinga medfører ingen andre rettar eller plikter for gåvemottakar enn det som går fram av dette tildelingsbrevet.

Utdeling av midlane vil skje under Daledagane fredag 1. juni ca kl. 16.30. Ber om at du gjer meg beskjed på tlf 909 54 111 eller e-post [anja.riise@spv.no](mailto:anja.riise@spv.no) viss du ikkje kan vera til stade under utdelinga.

*Alt vi gjer, gjer vi for å bidra til at livet på Vestlandet skal bli endå litt betre.*

Arna, 26.05.2018

Med vennleg helsing  
for Sparebanken Vest  
Anja Riise

---

**Fra:** Postmottak Vaksdal  
**Sendt:** torsdag 31. mai 2018 13.11  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** VS: Ad. Eldrerådskonferansen 2018  
**Vedlegg:** Kommunale Eldreråd - Innspel til Eldrerådskonferansen.pdf

---

**Fra:** Merethe Helland Nordnæs [<mailto:Merethe.Nordnaes@hfk.no>]  
**Sendt:** 30. mai 2018 12:54  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Kopi:** Fylkeseldrerådet; Berit Dianne Kilvær  
**Emne:** Ad. Eldrerådskonferansen 2018

### Til eldrerådet i kommunen

Ber om at vedlagte dokument blir sent til eldreråda i kommunen/til dei som deltek på eldrerådskonferansen.

Dokumentet gjeld Eldrerådskonferansen 2018 den 6. og 7. november i Bergen.

På forhånd takk.

Mvh  
for Fylkeseldrerådet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/Rådgjevar  
Økonomi og organisasjonsavdelinga/Fylkessekretariatet



Tlf. 55 23 99 40  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Alle Kommunale Eldreråd i Hordaland fylke

Dato: 30.05.2018  
Vår ref.: 2017/2682-107  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## Konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 6. og 7. november 2018 – Ønskje om innspel til tema

De har tidlegare fått informasjon om at haustkonferansen for dei kommunale eldreråda blir halden i Bergen 6. og 7. november i år.

Det er allereie bestemt at eit hovudtema vil vera ernæring og mat for eldre fordi dette er eit svært aktuelt tema for tida.

Fylkeseldrerådet ønskjer at haustkonferansen skal vera aktuell, relevant og interessant for deltakarane

Derfor inviterer vi eldreråda til å koma med forslag til også andre tema som de ønskjer belyst eller tatt opp på konferansen.

Dersom ditt eldreråd har ønskje om eit spesielt tema, ber vi om at de sender inn forslag til Fylkeseldrerådet innan **10. august 2018**.

Forslaget kan sendast som brev eller e-post til Hordaland Fylkeskommune, adresse: Fylkeseldrerådet i Hordaland, c/o Hordaland fylkeskommune Postboks 7900, 5020 Bergen eller e- post: [merethe.nordnaes@hfk.no](mailto:merethe.nordnaes@hfk.no)

Med venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
Leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

---

**Fra:** Postmottak Vaksdal  
**Sendt:** mandag 4. juni 2018 09.28  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** VS: Til eldrerådet  
**Vedlegg:** Møteprotokoll fyl 24.05.2018.pdf

---

**Fra:** Folkevalde [mailto:folkevalde@hfk.no]  
**Sendt:** 28. mai 2018 18:37  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Til eldrerådet

**Til eldrerådet i kommunen.**

Til orientering er protokoll frå møte i fylkeseldrerådet 24. mai vedlagt.

Venleg helsing

**Dianne Kilvær**  
Spesialkonsulent  
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 90 14 | Mob: 993 17 797  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 24.05.2018  
**Tidspunkt:** 09:30 – 15:35

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Kåre Ystanes	Leiar	PF	
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF	
Odd Himle	Medlem	SN-H	
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP	
Monrad Reigstad	Medlem	PF	
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV	Til kl 13.00
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG	

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Liv Stray Breistein	Rådgjevar, Byrådsavdeling for helse og omsorg Bergen kommune
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, prosjektsekretariatet ny fylkeskommune
Dianne Kilvær	Sekretær

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 20/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 21/18	Godkjenning av møteprotokoll førre møte	2017/2682	
PS 22/18	Godkjenning av sakliste		
PS 23/18	Referatsak (meldingar)		
PS 24/18	Ymse		
RS 21/18	Svar på spørsmål fra fylkeseldrerådet vedrørende sykehjemsplasser og ventelister i Bergen kommune	2017/2682	
RS 22/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/2682	
RS 23/18	Ad. Mammografitilbudet i Nordhordland	2017/2682	
RS 24/18	Utvida TT-ordning - invitasjon til å søkja om ekstra midlar. Høyring	2017/2682	
RS 25/18	Referat dialogmøte om Osterfjordruta	2017/15772	

RS 26/18	Ad. Vestlandskonferansen i Loen 2018 - forslag til saker til konferansen frå Fylkeseldrerådet i Hordaland	2017/2682
RS 27/18	Ad. Landskonferansen i Troms - forslag til saker/innspel frå Fylkeseldrerådet i Hordaland	2017/2682
RS 28/18	Ad. konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 6. og 7. november 2018 - ønskje om innspel til tema	2017/2682
PS 25/18	Angående servicelinjer i Bergen	2017/2682
PS 26/18	Ad. Vestlandskonferansen i Loen 2018 - oppfølging	2017/2682
PS 27/18	Vestlandskonferansen 2019 - som Fylkeseldrerådet i Hordaland skal arrangera	2017/2682
PS 28/18	Innspill til temaer til den nasjonale eldrerådskonferansen i 2019 - hva opptar de fylkeskommunale eldrerådene?	2017/2682
PS 29/18	Vidare planlegging av eldrerådskonferansen 2018	

## **PS 20/18 Godkjenning av møteinnkalling**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

Monrad Reigstad kommenterte at sakene må fram for fylkeseldrerådet før AU gir svar/uttalar.

Fylkeseldrerådet slutta seg til at ny sak vart satt på sakskartet utan saksframlegg: PS 29/18 Vidare planlegging av eldrerådskonferansen 2018.

#### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent med merknadane nemnd over.

## **PS 21/18 Godkjenning av møteprotokoll førre møte**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 15.03.2018 vart godkjent utan merknader.

## **PS 22/18 Godkjenning av sakliste**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

Synnøve Solbakken (A) ba om at PS 28/18 vart behandla først.

#### **Vedtak**

Saklista vart godkjent utan merknader.

## **PS 23/18 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

I samband med **RS 21 Svar på spørsmål fra fylkeseldrerådet vedrørende sykehjemsplasser og ventelister i Bergen kommune** vil fylkeseldrerådet sende kopi av svarbrevet til Bergen eldreråd. Arbeidsutvalet (AU) skriv brevet.

I samband med **RS 23 Ad. Mammografitilbudet i Nordhordland** syt sekretariatet for å sende svaret til Tore Svendsen, som tok opp saka.

I samband med **RS 24/18 Utvida TT-ordning – invitasjon til å søkja om ekstra midlar. Høyring** ønskjer fylkeseldrerådet kopi av søknaden som vart sendt til departementet.

I samband med **RS 25/18 Referat dialogmøte om Osterfjordruta** orienterte Odd Himle frå sin «synfaring» med skyssbåten. AU vil formulere brev til fylkesordførar som vedlegg til saka som skal opp i utval for miljø og samferdsel 6. juni/fylkesutvalet 26. juni.

### **Vedtak**

Øvrige referatsaker vart tatt til orientering.

## **PS 24/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

#### **PRESENTASJONAR**

Thorbjørn Aarethun, prosjektsekretariatet ny fylkeskommune orienterte om regionreforma. Liv Stray Breistein, rådgiver i Byrådsavdeling for helse og omsorg, Bergen kommune orienterte om mat og ernæring hos eldre.

#### **ORIENTERING**

Fylkeseldrerådet vart samd i å flytte møte 13. september til 6. september

## **PS 25/18 Angående servicelinjer i Bergen**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til svar til Eldrerådet i Bergen kommune.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

**Gunda F. Sparre (LOP)** sette fram slikt forslag:

1. Fylkeseldrerådet sender kopi til Eldrerådet i Bergen av vedtaket 24.05.18 i sak PS 25/18.
2. AU skriver på vegne av fylkeseldrerådet brev til Skyss om at det under utarbeidelsen av nye bussruter fra og med august 2018 blir tatt hensyn til innspill både fra Eldrerådet i Bergen og Fylkeseldrerådet om serviceruter i bydelene.

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke

## **Vedtak**

1. Fylkeseldrerådet sender kopi til Eldrerådet i Bergen av vedtaket 24.05.18 i sak PS 25/18.
2. AU skriv på vegner av fylkeseldrerådet brev til Skyss om at det under utarbeidelsen av nye bussruter frå og med august 2018 vert tatt omsyn til innspel både frå Eldrerådet i Bergen og Fylkeseldrerådet om serviceruter i bydelane.

## **PS 26/18 Ad. Vestlandskonferansen i Loen 2018 - oppfølging**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

**Monrad Reigstad (PF)** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet vil sende søknad om ekstra midler for dialogmøter med fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane for samordning i sammenslåingsprosessen.

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vil sende søknad om ekstra midlar for dialogmøter med fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane for samordning i samanslåingsprosessen.

## **PS 27/18 Vestlandskonferansen 2019 - som Fylkeseldrerådet i Hordaland skal arrangera**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkeseldrerådet vedtek at tidspunktet for Vestlandskonferansen 2019 blir den
2. Fylkeseldrerådet vedtak at Vestlandskonferansen skal haldast på hotell...
3. Fylkeseldrerådet vedtek at det skal søkjast om ekstra midlar til å arrangera Vestlandskonferansen 2019.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

**Kåre Ystanes (PF)** sette fram forslag om dato 8. - 9. mai 2019 på Solstrand hotel & bad.

Innstillinga med Ystanes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Fylkeseldrerådet vedtek at tidspunktet for Vestlandskonferansen 2019 blir den 8. – 9. mai 2019.
2. Fylkeseldrerådet vedtak at Vestlandskonferansen skal haldast på Solstrand hotel & bad.
3. Fylkeseldrerådet vedtek at det skal søkjast om ekstra midlar til å arrangera Vestlandskonferansen 2019.

## **PS 28/18 Innspill til temaer til den nasjonale eldrerådskonferansen i 2019 - hva opptar de fylkeskommunale eldrerådene?**

### **Forslag til vedtak**

Medlemmene i fylkeseldrerådet vil kome med innspel på temaer som opptar eldreråda, til den nasjonale eldrerådskonferansen 2019 i Telemark.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

**Synnøve Solbakken (A)** sette fram slikt forslag til tema:

**«Eldreomsorg:**

Utviklinga har seinare åra gått den vegen me har arbeida for. Eldre skal få bu heime så lenge det let seg gjera, dei fleste ønskjer det, her er me no.

Spørsmålet me må stilla oss er om denne utviklinga har gått for langt?

Langt, fordi pårørende og dei nærmaste ikkje sjølv har helse og mulighet til å ta det ansvar og til tider belastning dette er over tid.

Det er mulighet med avlastningsplass, medan behovet ofte er sjukeheimsplass – fast, det er vanskeleg å få.»

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke samt at ho skriv avisinnlegg som vert sendt til media via sekretariatet.

**Odd Himle (SN-H) og Monrad Reigstad (PF)** sette fram slikt forslag:

**«Sjukepengar så lenge ein er yrkesaktiv.**

Det må utbetalast sjukepengar fullt ut etter fylte 67 år og så lenge ein er i løna arbeid.»

Himle/Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Odd Himle (SN-H) og Synnøve Solbakken (A)** sette fram slike forslag:

**1. «Fleire over 60 år aktive i politikken og styrande organ i samfunnet**

Når godt over 20% av den norske befolkningen er over 60 år og få politikarar er på Stortinget i denne aldersgruppa, er det noko som manglar.

Eldre har lang erfaring og både vil og kan bidra med sine erfaringar og kompetanse.

Fylkeseldrerådet vil oppmoda alle politiske parti om å ha eldre kandidatar på partilistene sine

**2. Einerom på alders- og pleieinstitusjonar – eit gammalt krav som nå må gjennomførast.**

Lag og organisasjonar som representerer eldregenerasjonen må arbeida for å få dette til no!»

Himle/Solbakken sine forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet har følgjande innspel på tema:

**Eldreomsorg:**

Utviklinga har seinare åra gått den vegen me har arbeida for. Eldre skal få bu heime så lenge det let seg gjera, dei fleste ønskjer det, her er me no.

Spørsmålet me må stilla oss er om denne utviklinga har gått for langt?

Langt, fordi pårørende og dei nærmaste ikkje sjølv har helse og moglegheit til å ta det ansvar og til tider belastning dette er over tid.

### **Fleire over 60 år aktive i politikken og styrande organ i samfunnet**

Når godt over 20% av den norske befolkninga er over 60 år og få politikarar er på Stortinget i denne aldersgruppa, er det noko som manglar.

Eldre har lang erfaring og både vil og kan bidra med sine erfaringar og kompetanse.

Fylkeseldrerådet vil oppmoda alle politiske parti om å ha eldre kandidatar på partilistene sine

### **Einerom på alders- og pleieinstitusjonar – eit gammalt krav som nå må gjennomførast.**

Lag og organisasjonar som representerer eldre generasjonen må arbeida for å få dette til no!»

Det er moglegheit med avlastningsplass, medan behovet ofte er sjukeheimsplass – fast, det er vanskeleg å få.

## **PS 29/18 Vidare planlegging av eldrerådskonferansen 2018**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 24.05.2018**

Saka vart lagt fram i møte utan saksframlegg.

**Monrad Reigstad (PF)** sette fram slikt forslag:

«Til konferansen for de kommunale eldrerådene ønsker fylkeseldrerådet å invitere de politiske partiene til en paneldiskusjon om flere over 60 år på listene ved kommune- og fylkestingsvalget.»

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Til konferansen for dei kommunale eldreråda ønskjer fylkeseldrerådet å invitere dei politiske partia til ein paneldiskusjon om fleire over 60 år på listene ved kommune- og fylkestingsvalet.

**Fylkeseldrerådet** slutta seg også til følgjande punkt:

- Invitere kjøkkensjef Gloppen og ernæringsfysiolog v/Haraldsplass diakonale sykehus, Hege Østgaard, som innleiar under tema ernæring.
  - Invitere Kari Sunnevåg, leiar Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, Bergen kommune,- tema koordinering av kommunane i Hordaland
  - Kontakte partikontora i fylket og invitere til paneldebatt dag 2
  - Spørje Arild S Sekse om å leia paneldebatten
  - Musikkinnslag ved oppstart av konferansen v/Helene Reigstad
- Sekretariatet sender førespurnad til dei ovannemnde.
- Inger Lingjerde sjekkar mogleg kulturinnslag under middagen

---

**Fra:** Postmottak Vaksdal  
**Sendt:** onsdag 21. mars 2018 13.40  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** VS: Til eldrerådet: Årsmelding 2017 frå fylkeseldrerådet  
**Vedlegg:** Årsmelding 2017 - Fylkeseldreådet i Hordaland.pdf

---

**Fra:** Berit Dianne Kilvær [<mailto:Berit.Dianne.Kilvaer@hfk.no>]  
**Sendt:** 20. mars 2018 14:12  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Til eldrerådet: Årsmelding 2017 frå fylkeseldrerådet

Til eldrerådet

Vedlagt følger årsmeldinga 2017 frå fylkeseldrerådet Hordaland til informasjon.

Venleg helsing

**Dianne Kilvær**  
Spesialkonsulent  
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 90 14 | Mob: 993 17 797  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2017

Hordaland fylkeseldreråd





Vedtatt 11. januar 2018

# INNHALD

<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
Samansetjing av fylkeseldrerådet (FYEL).....	4
Budsjett .....	5
Representantar i brukarutvala for helseføretaka i Hordaland 2017-2019 .....	5
<b>DELTAKING PÅ KURS, KONFERANSAR OG SAMLINGAR/ SEMINAR .....</b>	<b>5</b>
Kurs.....	5
Konferansar.....	5
Samlingar/seminar .....	6
Deltaking i prosjekt .....	6
<b>MØTE OG SAKSOMRÅDE 2017 .....</b>	<b>7</b>
Saker som det har blitt arbeidd spesielt med.....	7
Rådsmøte .....	7
AU-møte.....	8
<b>HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL I SAKER .....</b>	<b>8</b>
1. Uttale om plan for likeverd i HFK.....	8
2. Uttale om Nasjonal Transportplan (NTP) .....	8
3. Innspel til revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse .....	9
4. Uttale om forslag til endringar i TT-ordninga .....	9
<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>10</b>
<b>VEDLEGG I.....</b>	<b>11</b>
Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland, Bergen 7. – 8. november 2017 .....	11
<b>VEDLEGG II.....</b>	<b>15</b>
Vestlandskonferansen 2017, Aalborg 4. – 6. april 2017.....	15
<b>VEDLEGG III.....</b>	<b>21</b>
Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd, Ålesund 22. - 24. mai 2017 .....	21

# Innleiing

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

*"Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar."*

Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens seniorråd som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.HFK.no>) til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

## SAMANSETJING AV FYLKESELDRERÅDET (FYEL)

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

### For valperioden 2015 – 2019

	<u>Funksjon</u>	<u>Representerer</u>
Kåre Ystanes	leiar	PF Vara: Gunvor Riim Opedal
Gunda Falao Sparre	nestleiar	LOP Vara: Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad	medlem	PF Vara: Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF Vara: Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SN-H Vara: Egil Haaland

### Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Vara: Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP/	Vara: Silje Hjemdal m.fl.



Frå venstre: Synnøve Solbakken, Monrad Reigstad, Inger M. Ligjerde, Dianne Kilvær (sekr.), Kåre Ystanes, Gunda F. Sparre, Inger Sjong, Odd Himle

## Sekretariat

Fylkeseldrerådet (FYEL) har hatt møtesekretær/ sakshandsamar/ rådgjevar som administrativt er knytt til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Merethe Helland Nordnæs og Berit Dianne Kilvær har delt sekretærfunksjonen frå 1.1.2017.

## Arbeidsutval

Kåre Ystanes (leiar), Gunda Falao Sparre (nestleiar), Merethe Helland Nordnæs (sekretær for utvalet) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet i 2017.

## BUDSJETT

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet hadde i 2017 til disposisjon eit budsjett på kr. 410.000. Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, den årlege konferansen i regi av FYEL i HFK for dei kommunale eldreråda i Hordaland, deltaking på konferansar/seminar, Vestlandssamarbeidet mellom fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland og den årlege landskonferansen for fylkeseldreråd.

## REPRESENTANTAR I BRUKERUTVALA FOR HELSEFØRETAKA I HORDALAND 2017-2019

	<b>MEDLEM:</b>	<b>VARA:</b>
<b>Helse Vest</b>	Sogn og Fjordane fylkeseldreråd	Rogaland fylkeseldreråd
<b>Helse Bergen</b>	Inger Lingjerde	Monrad Reigstad
<b>Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS)</b>	Gunda Falao Sparre	Odd Himle
<b>Helse Fonna</b>	Synnøve Solbakken	Rogaland fylkeseldreråd

## Deltaking på kurs, konferansar og samlingar/ seminar

### KURS

#### 29.3.2017

Opplæringskurs for medlemmene i brukarutvala under helseføretaka i Hordaland. Frå Fyel deltok Inger Lingjerde og Gunda Falao Sparre.

#### 29. og 30.8.2017

Fellessamling for Brukarutvala under helseføretaka i Hordaland. Frå Fyel deltok Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre.

### KONFERANSAR

1. **Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland** (7. - 8. november 2017 i Bergen) i regi av Fylkeseldrerådet i Hordaland

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2017 var på Scandic Bergen City Hotell i Håkonsgaten 2-7 i Bergen.

Konferansen vart opna av leiar Kåre Ystanes. Fire elevar frå musikklinja ved Langhaugen videregående skole spelte fiolin, og fylkesvaraordførar Pål Kårbø helste deltakarane frå fylkeskommunen.

Første dag blei avslutta med felles middag. HR dir. Geir Davidsen helste frå fylkesrådmannen og fylkeskommunen og heldt tale. Under middagen var det kulturinnslag ved "Migrasjon" med songar og forteljingar frå norske utvandrarar i USA.

Program for konferansen: Sjå vedlegg I.

## 2. Vestlandskonferansen 2017 (4. – 6. april 2017)

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2017 vart konferansen halden som ein studietur til Aalborg i Danmark. Rogaland hadde ansvar for programmet på studiereisa. Sjå vedlegg II.

Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal har skrive rapport frå turen. Lenker til rapporten:

[http://www.sfj.no/getfile.php/3872585.2344.uumjaqjzppiwmz/Studietur+2017+ffe\\_.pdf](http://www.sfj.no/getfile.php/3872585.2344.uumjaqjzppiwmz/Studietur+2017+ffe_.pdf)

## 3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2017 (22. – 24. mai 2017)

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2017 fann denne konferansen stad i Ålesund. Programmet for konferansen ligg under vedlegg III bakanfor.

## SAMLINGAR/SEMINAR

Enkeltmedlemmer i Fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar /eksterne møte:

- 29.03.17: Opplæring for brukarutvala i Helse Bergen. Inger Lingjerde og Gunda Falao Sparre deltok.
- 03.05.17: Møte i Samferdsleavd. HFK for begge råd med tema "Utvida TT-ordning", orienterings- og innspelsmøte. Heile Fyel deltok.
- 20.06.17: Dialogmøte frå Helsedepartementet: "Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre". Odd Himle og Gunda Falao Sparre deltok.
- 22.08.17: Dialogmøte med representant(ar) frå Fyel og Rådet for funksjonshemma med sakshandsamar frå Samferdsleavdelinga om revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse. Gunda Falao Sparre deltok frå Fyel.
- 29.-30.08.17: Samling for representantar i brukarutvala i Helse Bergen. Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre deltok.
- 25.09.17: Innspelsmøte til "Handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse 2014-2025. Gunda Falao Sparre deltok frå Fyel. Fyel sendte den 29.09.17 skriftleg innspel til enkelte punkt i forslaget til Handlingsprogram.

## Eksterne føredrag

25.-26.09.17 føreleste, etter invitasjon, medlem i Fylkeseldrerådet, Inger Lingjerde, på samling i Øystese for pensjonistlitsvalde i Fagforbundet. Førelinga hadde tittelen "Eldrerådet i arbeid, Eldrerådsloven/lovendring, Oppgaver og samarbeid"

## DELTAKING I PROSJEKT

Fylkeseldrerådet fekk i april 2016 førespurnad frå Samferdsleavdelinga om å delta i eit prosjekt om universell utforming i regi av Trafikkøkonomisk Institutt (TØI). Rådet var positiv til førespurnaden. Prosjektet blei avslutta i 2016 og er oppsummert i ein rapport, som låg føre i januar 2017.

# Møte og saksområde 2017

Fylkeseldrerådet har i 2017 hatt 7 rådsmøte og handsama 10 større saker. Rådet har gjeve uttale til høyringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurt etter. Rådet har også tatt opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt 6 møte, som har vore telefonmøte for å spara reiseutgifter.

## SAKER SOM DET HAR BLITT ARBEIDD SPESIELT MED

- Diverse saker med innspel til Skyss
- Folkehelseplanen i Hordaland med innspel til justering av handlingsplanen
- Kollektivtrafikken; buss, båt og bane, og tilrettelegging for korrespondanse mellom buss- og båtruter og tilrettelegging for eldre trafikkantar.
- Innspel til revisjon av Handlingsplan til Folkehelseplanen, september 2017
- Forslag til samferdselsavdelinga om endring i reglane for TT-kort når ein kjem på institusjon.
- Eldre døve som vert tilsidesette i kommunane
- Informasjon om ulike sakfelt fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Uttalar frå fylkeseldrerådet til diverse planar: (sjå nedanfor under oversikt over uttalar for ordlyden)
- Justering av Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2015-2019

## RÅDSMØTE

### 02.02.2017

Orientering frå Samferdselsavdelinga ved Rolf Rosenlund vedrørende retningsliner for tildeling av TT-kort. Orientering frå fylkestannlege Arne Åsan om HFK's arbeid med tannhelse. Andre saker m.a.: Den kulturelle spaserstokken. Serviceliner i bydelane. Sluttrapport frå TØI om prosjektet "Universell utforming av bybane og bussar i Bergen", eit prosjekt Fylkeseldrerådet har deltatt i med respondentar.

### 30.03.2017

Leiar for seksjon plan ved regionsavdelinga, Marit Rødseth, orienterte om planseksjonen og regional planlegging. Oppfølging av orienteringa frå fylkestannlegen. Brev til samferdselsavdelinga om TT-kortordninga for funksjonshemma; forslag til endring av reglane. Likeverd i HFK, førebuing av høyringsuttale. Regional transportplan, førebuing av høyringsuttale. NAV og manglande papirutskrifter av pensjonsutbetalingar.

### 01.06.2017

Opplæring i teiknspråk i HFK. Skriftleg orientering frå fylkesrådmannen. Brev til fylkestannlegen vedrørende tannhelse i HFK.

### 19.06.2017

Førebuing av fylkeseldrerådet sin konferanse for dei kommunale eldreråda i HFK. Tema og innleiarar.

### 12.09.2017

Orientering frå Regionsavdelinga ved spesialrådgivar Aina Haugstad og seniorrådgivar Sigrid Næsheim Bjercke om nye tiltak/ vesentleg endring av tiltak knytt til universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet til folkehelseplan for HFK. Pasientreiser. Infobrosjyrar på bussane hausten 2017.

### 09.11.2017

Skriftleg innspel frå fylkeseldrerådet til rulleringa av Handlingsprogram for folkehelse. Eldre døve som blir tilsidesette ved sjukeheimar i Hordalandskommunar. Parkering i Birkelandsskiftet. Flytting av gangfelt i Årstadveien og endring namn på haldeplass same stad. Start arbeid med Årsmelding for fylkeseldrerådet 2017. Start eventuell revisjon av handlingsplan for fylkeseldrerådet 2017-2019.

### 07.12.2017

Orientering frå budsjettavdelinga ved Ingar Skeie om den økonomiske utviklinga i Hordaland fylkeskommune, bakgrunnstal og prosessen fram mot endeleg budsjettframlegg. Godkjenning av brev til SKYSS angående haldeplass ved Ulset sykehjem. Høyringsuttale om endringar i reglane for TT-kort i Hordaland. Justering av årsmelding for fylkeseldrerådet 2017.

## AU-MØTE

17.01.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 02.02.2017
16.03.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 30.03.2017
16.05.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 01.06.2017
18.08.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 12.09.2017
19.10.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 09.11.2017
20.11.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 07.12.2017
20.12.2017	Førebuing mm Fyelmøte den 11.01.2018

## Høyringsuttale/ innspel i saker

Fylkeseldrerådet har i 2017 gjeve uttale/ innspel i følgjande saker:

### 1. UTTALE OM PLAN FOR LIKEVERD I HFK

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 30.03.2017 i sak PS 11/2017 å uttala seg. Fristen var 07.04.17. Følgjande uttale blei gitt:

#### **Uttale til temaplan " Likeverd i Hordaland fylkeskommune" 2017 - 2021**

Fylkeseldrerådet seier seg nøgd med at det er utarbeidd ein overordna plan som omhandlar likeverd, tiltak mot mobbing og diskriminering og som skal gje retningslinjer for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune. Planen ser ut til å ha i seg det meste for å kunne nyttast som verktøy i arbeidet med problemstillingar m.o.t. likeverd for alle.

Me ser det likevel naudsynt å koma med nokre forslag til forbetringpunkt, idet me saknar nokre tiltak retta mot aldersdiskriminering av seniormedarbeidarar. Allereie i "**Likeverdsplakaten**" bør ein endra nest siste strategi pkt. til: Hordaland fylkeskommune er ein inkluderande verksemd, som arbeider for å hindre utstøytning og fråfall, *særskild av eldre arbeidstakarar*.

Til side 7: "**Likeverd i Hordaland fylkeskommune – tre hovudfokusområde**".

Her saknar vi eit avsnitt der ein fokuserar på eldre arbeidstakarar.

Dvs. at fylkeskommunen som arbeidsgjevar tar sitt arbeidsgjevarsansvar for å bidra til eldre tilsette ikkje opplever diskriminering, utstøytning, negative haldningar som skapar utfrysing og ekskludering. (Dvs. uønskete utstøytingsmekanismar). Og at eldre arbeidstakarar får ta del i planmessig kompetanseutvikling, gjennom fagleg og personleg utvikling gjennom heile yrkeskarrieren, og blir sett på som ein ressurs.

### 2. UTTALE OM NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP)

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 30.03.2017 i sak PS 12/2017 å uttala seg.

Fristen var 07.04.2017. Uttalen dekte fleire punkt i forslaget til NTP. Fordi uttalen var på 5 sider, gjengir vi i denne årsmeldinga berre innleiinga:

"Høyringsdokumentet ber om at dei som uttalar seg til Regional Transportplan, særleg tek føre seg kva planen seier om mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak. For fylkeseldrerådet er det naturleg å sjå på kva planen kan få å seia for situasjonen for dei eldre i fylket.

Fylkeseldrerådet har i tidlegare uttalar til Regional transportplan (RTP) vore oppteken av at det måtte verta lagt vekt på gode og tenlege kollektivtilbod med eit breitt rutenett og god korrespondanse mellom ulike bussruter og mellom buss og båt. Vidare har rådet peikt på kor naudsynt og tenleg det er å leggja til rette for romslege område for innfartsparkering for å få folk til å nytta kollektivtransport. Fylkeseldrerådet har også vore spesielt opptatt av at alle nye vegar blir bygde med gang- og sykkelveggar på sida. Fylkeseldrerådet er derfor glad for at RTP 2018- 2029 vektlegg desse områda i ulike kapitel i planen.



Rådet har i tillegg til å kommentera mål, strategiar, prioriteringar og tiltak nemnde i dei enkelte kapitel, disponert uttalen sin rundt punkt som rådet meiner har mykje å seia for dei eldre i fylket. I kommentarane viser vi til kor tema som vi tek opp, er nemnde i planen.”

### **3. INNSPEL TIL REVISJON AV HANDLINGSPROGRAMMET FOR FOLKEHELSE**

Innspele til revisjonsarbeidet blei den 24.09.2017 sendt frå Fylkeseldrerådet til regionsavdelinga. Fylkeseldrerådet blei i møte den 12.09.2017 i sak PS 31/2017 orientert frå regionsavdelinga om dei endringane som er gjort i høve universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse.

### **4. UTTALE OM FORSLAG TIL ENDRINGAR I TT-ORDNINGA**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 07.12.2017 i sak PS 50/17 følgjande uttale:

#### *TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon.*

Fylkeseldrerådet har, slik det blir nemnt i saksframlegget (side 7/10) tidlegare skrive til samferdselsavdelinga om reglane for TT-kort når ein vert innlagd på institusjon. Rådet ber i skrivet om at det ikkje vert gjort forskjell på dei som kjem under nemninga tunge brukarar og andre brukarar med TT-kort når dei kjem på institusjon, men at det i den situasjonen må gjelde same reglar for alle.

Fylkeseldrerådet er difor særst glad for at det i dei nye reglane skal vera lik handsaming slik at alle TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon, blir handsama likt, slik det framgår av tabellen over ytingar og reglar der gjeldande reglement og forslag til nytt reglement/ føresegn blir lista opp.

#### *Valg av modellar for kvotetildeling.*

Fylkeseldrerådet godtar grunngevinga i alternativ 1 for å innføra lik grunnkvote til alle brukarar, men med det unnataket som er nemnt om å gi brukarar av elektrisk rullestol ein høgare kvote. (Tabell side 8/10). Vi støttar dermed forslaga til endringar slik dei går fram av tabellen. Sjå likevel kommentar nedanfor om minstealder.

#### *Minstealder for å få livsvarig godkjenning.*

Fylkeseldrerådet går ikkje i mot at minstealderen for å få livsvarig godkjenning som TT-brukar, vert auka frå 80 til 85 år, men meiner at den nye grensa må gjelda for nye søkjarar, men ikkje for dei som ved innføring av nye reglar allereie har livsvarig godkjenning fordi dei er over 80 år. Eit slikt unnatak frå den nye regelen vil medføra at ein får ei naturleg utfasing over maksimum 5 år, som er føreslått som ny tildelingsperiode. Ei slik ordning vil også spare ein del sakshandsaming i og med at dei som er over 80 år og dimed allereie har livsvarig godkjenning som TT-kortbrukar, ikkje treng bli vurderte på nytt.

#### *Tildelingsperiode*

Fylkeseldrerådet er samd i at tildelingsperioden blir auka frå 4 til 5 år.

#### *All sakshandsaming til fylkeskommunen.*

Fylkeseldrerådet ser føremonane ved å samla all sakshandsaming i høve godkjenning som TT-kortbrukar i fylkeskommunen, og ikkje ute i den enkelte kommune. Rådet støttar difor dette forslaget.



# Oppsummering

Fylkeseldrerådet skal vera ein nyttig samarbeidspartnar for fylkeskommunen i høve til dei eldre. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg får innsikt i ulike saker som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan handsama sakene. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er også medvete om at det kan ta opp saker på eiga hand. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK når det gjeld informasjon og orienteringar til rådet.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samhandla med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd.

Medlemmer i Fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gir tilbakemelding til Fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til Fylkeseldrerådet.

Bergen den 11.01.2018

For fylkeseldrerådet

Kåre Ystanes  
Leiar

## **Vedlegg I**

### **Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland, Bergen 7. – 8. november 2017**

(Innleiarar under tema 2 "*Erfaringar som eldreråd i min kommune*" var Berit Anita Knudtsen Larsen frå Fjell kommune og Berit Aarekoll frå Ulvik herad.)





## ELDRERÅDSKONFERANSEN 2017

for kommunale eldreråd i Hordaland

---

### TYSDAG 7. – ONSDAG 8. NOVEMBER

Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2-7, Bergen

---

#### TYSDAG 7. NOVEMBER

*Kl. 10.00*    *Registrering*

*Kl. 10.30*    Velkomen  
Kåre Ystanes, leiar i fylkeseldrerådet

*Kl. 10.35*    Helsing  
Pål Kårbø, fylkesvaraordførar

*Kl. 10.40*    Kulturinnslag  
Elevar frå Langhaugen videregående skole


***Kl. 10.50*    Tema 1: NAV Hjelpemidler og tilrettelegging  
– Kjerneoppgaver og utviklingstrekk**  
Geir Rune Folgerø,  
avd.dir. Hjelpemiddelsentralen

*Kl. 11.35*    *Kaffipause*

***Kl. 11.50*    Tema 2: Innlegg frå 2 eldreråd**

***Kl. 12.10*    Tema 3: Framtidas utfordringar for eldreråd**  
Jan Davidsen, leiar Pensjonistforbundet

*Kl. 13.10*    *Lunsj*

- 
- Kl. 14.10 Gruppearbeid: Korleis kan eldrerådet i min kommune fungera betre?
- Kl. 15.00 Presentasjon av gruppearbeid
- Kl. 16.00 Kaffipause*
- Kl. 16.15 Tema 4: Sjukeheim og pleieheimar  
- Nytt inntakssystem frå 1. juli 2017.  
Kva skal sjukeheimar vere i framtida?  
Astrid Toft, dagleg leiar KS Hordaland**
- Kl. 17.15 Fritid fram til middag*
- Kl. 19.00 Middag m/kulturinnslag
- 

## ONSDAG 8. NOVEMBER

- Kl. 09.00 Allsong  
**Nicolay Leganger**
- Kl. 09.15 Tema 5: «Eldre må kunne bite fra seg!»**  
Gunhild Strand, professor i odontologi,  
Universitetet i Bergen
- Kl. 10.15 Tema 6: Likeverd i Hordaland fylkeskommune**  
Frode Mannsåker, HR-leiar HFK
- Kl. 10.45 Kaffipause og utsjekk*
- Kl. 11.15 Tema 7: Pasientreiser**  
Ann-Mari Høiland, avd.sjef Helse Bergen
- Kl. 12.00 Avrunding og oppsummering
- Kl. 12.30 Lunsj

Vel heim!

## **Vedlegg II**

**Vestlandskonferansen 2017, Aalborg 4. – 6. april 2017**



# Studietur for fylkeseldrerådene

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland  
Aalborg kommune, Danmark 3.4.– 7.4.2017

---



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE



## Mandag 3.4.2017

- 12.30 Sjekk inn Fjordline: Bergen *Adresse:  
Bergen Havn, Nøstegaten 30, 5010 Bergen*
- 19.00 Sjekk inn Fjordline: Stavanger *Adresse:  
Risavika, Kontinentalveien 31, 4056 Tananger*
- 19.30 Middag i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

## Tirsdag 4.4.2017

- 6.30-8.00 Frokostbuffet i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke
- 8.00 Ankomst Fjordline: Hirtshals
- 8.15 Avgang med buss til First Hotel Aalborg *Adresse:  
Rendsburggade 5, 9000 Aalborg – tlf. 0045 98 10 14 00*
- 9.00 Fellessamling på First Hotel Aalborg  
"Praktisk info"
- 10.30 Avgang med buss – møtes i resepsjonen
- 11.00 Velkommen til Aalborg kommune  
v/ Rådmand Thomas Krarup (etatsjef innen helse) *Adresse:  
Fremtidens Plejehjem, Carl Klitgaards Vej 5, 9400 Nørresundby  
[www.fremtidensplejehjem.dk/](http://www.fremtidensplejehjem.dk/)*
- 12.00 Lunsj – Victors Madhus
- 13.00 Tilgjengelighet for eldre (universell utforming)  
v/ tilgjengelighetsrådgiver Kit Bos
- 14.00 Omsorgstannpleien i Aalborg kommune  
v/ klinikkleder Maiken Bagger.
- 15.00 Presentasjon av Fremtidens Pleiehjem og en guidet tur i huset .  
v/ pleiehjemsleder Kis Anette Lund og Lars Nøhr
- 17.00 Slut for dagen
- 18.30 Avgang – møtes i resepsjonen (gåavstand)
- 19.00 Middag på Den Bette Kro *Adresse:  
Vingårdsgade 5, 9000 Aalborg*



## Onsdag 5.4.2017

- 09.00 Besøk på Rehabiliteringssenter Aalborg  
v/ senterleder Hanne Hostrup *Adresse:*  
*Dokkedalvej 20, Mou, 9280 Storvorde*  
[www.aalborg.dk/sundhed-og-sygdom/rehabiliteringscenter-aalborg](http://www.aalborg.dk/sundhed-og-sygdom/rehabiliteringscenter-aalborg)
- 11.00 Transport til Musikkens Hus og Nordkraft *Adresse:*  
*Musikkens Plads 1, DK 9000 Aalborg*  
[www.nordkraft.dk](http://www.nordkraft.dk) / [www.musikkenshus.dk](http://www.musikkenshus.dk)
- 12.00 Lunsj – Musikkens Spisehus
- 13.00 Omvisning i Musikkens Hus og Nordkraft  
Orientering om kultur- og fritidstilbud i Aalborg kommune.  
v/ sjefkonsulent Claus Rene Pedersen.
- 15.00 Samferdsel (trafikk, kollektive tilbud og trygg trafikk for eldre)  
v/ avdelingsleder Jan Øhlenschläger *Adresse:*  
*Nordkraft*
- 16.00 Slut for dagen – gå-avstand til hotellet
- 17.30 Avgang med buss – møtes i resepsjonen
- 18.00 Omvisning på Dronninglund Slott *Adresse:*  
*Slotsgade 8, 9330 Dronninglund*
- 19.00 Avslutningsmiddag på Dronninglund slott
- 22.00/22.30 Avgang med buss til hotellet



## Torsdag 6.7.2017

09.00 Besøk på Center for Velfærdsteknologi  
v/ direktør Inga Fryd.

*Adresse:*  
*Faaborgvej 15, 9220 Aalborg Øst*  
[www.cfv-nord.dk](http://www.cfv-nord.dk)

10.45 Eldrerådet i Aalborg kommune  
v/ eldrerådsformand Ellen Jensen.

12.00 Lunsj

13.00 Slutt for dagen og buss retur til hotellet

16.30 Fellessamling på First Hotel Aalborg

*Adresse:*  
*Rendsburggade 5, 9000 Aalborg – tlf. 0045 98 10 14 00*

18.00 Avgang til Fjordline med buss – møtes i resepsjonen

19.00 Sjekk inn Fjordline: Hirtshals

19.30 Middag i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

## Fredag 7.4.2017

5.00-10.30 **Hordaland og Sogn og Fjordane:**  
Frokostbufe i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

6.30 Ankomst Fjordline: Stavanger

12.30 Ankomst Fjordline: Bergen



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Vedlegg III

**Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd, Ålesund 22. - 24. mai 2017**





# Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd

Scandic Parken hotell, Ålesund • mandag 22. mai t.o.m. onsdag 24. mai



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Foredragshaldarar



## Wenche Frogn Sælleg

er lege, geriater, pensjonist. Leiar av Statens

seniorråd og medlem av Rådet for demens i Nasjonalforeningen og Den nasjonale forskningsetiske komitè for medisin og helsefag, medlem av nyoppretta prioriteringsutval for den kommunale helse- og omsorgstenesta som skal lage ei tilråding i form av ein NOU. Av tidlegare erfaring har ho vært 8 år på Stortinget og vært miljøminister, justisminister og sosialminister i åra 1981 – 1990.



## Åse Laila Snåre

Avdelingsdirektør for Helse og velferd i KS fra 2016. Hun er sykepleier med spesialutdanning i aldring og eldreomsorg, Bedriftsøkonom BI, og Master i helseadministrasjon UiO.

Snåre har lang erfaring fra arbeid i eldreomsorgen som leder på mange nivåer. Fra 2002 ble hun ansatt i Oslo kommune, med et særlig ansvar for utviklings- og utredningsoppgaver innenfor helse- og eldrepolitikk.



## Tommy Rønne

arbeider til daglig som rådgiver med universell utforming i Husbanken Midt-Norge. Han har

bakgrunn fra forskning og utvikling, som forskningstekniker ved NTNU ved Fakultet for elektro- og data-teknikk og som rådgiver i NAV Hjelpemidler og tilrettelegging på feltet spesialtilpasning av boliger for funksjonshemmede og eldre. Han har alltid fokus på «kunnskap til rett tid» og «etterpåkløskap på forhånd» som verktøy for å nå målet om flere funksjonelle boliger og bedre bokvalitet for alle. Det gir en god mulighet for at alle, ikke bare eldre, kan bo i sitt hjem lengst mulig. Flere funksjonelle boliger gir også mulighet for at satsningen på velferdsteknologi skal lykkes.



## Christine Thokle Martens

er stipendiat ved NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Hun har hovedfag i statsvitenskap (Cand Polit) fra Universitetet i Oslo. Hennes faglige interessefelt er velferdsstaten og ansvars- og oppgavefordelingen mellom stat, kommune og den enkelte. I doktoravhandlingen ser hun på dette i en analyse av den norske eldreomsorgen. Martens har bidratt i flere av NOVAs rapporter om kommunenes planlegging av fremtidens omsorgstjenester, spesielt med tanke på hvor morgendagens eldre skal bo og motta omsorgstjenester.



## Bjørn Heine Strand

er seniorforsker ved Folkehelseinstituttet, hvor han forsker på sosiale helseforskjeller og aldring i et livsløpsperspektiv. Han har bistilling ved Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse, og ved Universitetet

i Oslo (UiO) hvor han er førsteamanuensis. Han har PhD i epidemiologi fra UiO, og et postdoktor-fellowship i livsløpsepidemiologi og aldring fra National Institute on Aging (NIA)/National Institutes of Health (NIH), USA og University College London (UCL), UK i perioden 2008–10. Han er Cand. Scient i biostatistikk fra NTNU i Trondheim (1999). Strand er Norsk redaktør av Scandinavian Journal of Public Health. Han er prosjektleder for fysisk funksjonsevne i Tromsundersøkelsen, samt demensprosjektet TRAIL-DEM som er støttet av Nasjonalforeningen for folkehelsen i perioden 2017–20.

# Program

## MÅNDAG 22. MAI

Møteteiar: Anne Lise Hessen Følsvik

- 10.30 **Registrering**
- 11.00 **Byvandring**
- 12.30 **Lunsj**
- 13.30 **Velkommen til Møre og Romsdal**  
v/ fylkesordfører Jon Aasen  
**Velkommen til Ålesund by** v/ ordfører Eva Aurdal
- 14.00 **Oppstart av konferansen.** Praktiske opplysningar.  
Val av redaksjonsnemnd
- 14.30 **Pause**
- 14.45 **Dei eldre og fungering i kvardagen. Kva seier forskinga?** v/ Bjørn Heine Strand, seniorforskar ved Folkehelseinstituttet
- 15.30 **Pause** med litt mat
- 15.45 **Korleis møte eldreveksten i kommunane.** v/ Åse Snåre, direktør for helse og velferd i KS
- 16.45 **Avreise frå hotellet til Atlanterhavsparken.**  
Omvisning
- 18.00 **Slutt**
- 
- 19.00 **Middag** på hotellet

## TYSDAG 23. MAI

Møteteiar: Jon Skarvøy

- 08.30 **Gjennomgang av innkomne uttaleforslag.**
- 09.00 **Er senior- og elderrådene utgått på dato ?**  
v/ leiar av Statens seniorråd, Wenche Frogn Sælleg
- 09.45 **Pause**
- 10.00 **Norge rundt, tema 1: Folketalsutviklinga – med utgangspunkt i Møre og Romsdal**
- 10.45 **Pause**
- 11.00 **Norge rundt, tema 2: Digitalisering – konsekvensar for eldre**
- 12.00 **Lunsj**
- 13.00 **Norge rundt, tema 3: Eldre som ressurs i offentleg og frivillig verksemd**
- 13.45 **Pause**
- 14.00 **Orientering om museumsdrifta i Møre og Romsdal** v/ fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen. Slutt kl 14:30.
- 14.45 **Avreise til Sunnmøre museum**
- 15.00 **Omvisning/orientering ved museet**  
Kaffe og litt mat. Slutt ca. kl 17:00
- 
- 19.00 **Festmiddag** på hotellet


## ONSDAG 24. MAI

Møteteiar: Anne Lise Hessen Følsvik

- 09.00 **Vedtak av ein eller fleire uttalar.** Val av arrangør 2019
- 10.00 **Pause**
- 10.15 **Bustad og tenester for eldre.** v/ Christine Thokle Martens, forskar ved NOVA/Høgskolen i Oslo/Akershus
- 11.00 **Pause med utsjekking** frå hotellet. Litt mat
- 11.30 **Praktisk tilrettelegging av bustader.** v/ Tommy Rønne rådgivar i Husbanken Midt-Norge. Slutt ca 12:15
- 12.30 **Avreise til Alnes fyr/opplevingscenter**
- 12.50 **Omvisning og orienteringar frå opplevingscenteret.** Lunsj
- 15.00 **Buss tilbake til hotellet via flyplassen**







Agnes Mowinckels  
gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til



---

**Fra:** Postmottak Vaksdal  
**Sendt:** onsdag 21. mars 2018 13.44  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** VS: Møteprotokoll fylkeseldrerådet 15.03.18  
**Vedlegg:** Møteprotokoll fyl 15.03.2018.pdf

---

**Fra:** Berit Dianne Kilvær [<mailto:Berit.Dianne.Kilvaer@hfk.no>]  
**Sendt:** 20. mars 2018 10:34  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Møteprotokoll fylkeseldrerådet 15.03.18

**Til eldrerådet i kommunen.**

Til orientering er protokoll frå møte i fylkeseldrerådet 15. mars vedlagt.

Venleg helsing

**Dianne Kilvær**  
Spesialkonsulent  
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 90 14 | Mob: 993 17 797  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 15.03.2018  
**Tidspunkt:** 09:30 - 14:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Odd Himle	Medlem	SN-H
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Til kl 13:00

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Marit Rødseth	Leiar seksjon for plan, Regionalavdelinga
Dianne Kilvær	Sekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 10/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 11/18	Godkjenning av sakliste		
PS 12/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 11.01.2018	2017/2682	
PS 13/18	Referatsak (meldingar)		
RS 4/18	Universell utforming - status handlingsplan for fylkeskommunale bygg med anlegg og uteområde i 2016	2017/453	
RS 5/18	Universell utforming av fylkeskommunale bygg. Orientering om byggeplanar, aktiv deltaking i byggeprosjekt, byggekomitear, osv. i fylkeskommunal regi.	2017/2682	
RS 6/18	Representasjon i regionale brukerutvalg Helse Sør-øst	2017/2682	
RS 7/18	svar til Eldrerådet	2017/2682	
RS 8/18	Ad. spørreundersøkelse til kommunale eldreråd - sentrale aktører og arbeid med kommunal planlegging	2017/2682	
RS 9/18	Ad. anbod på bussar/servicelinjer	2017/2682	
RS 10/18	Svar på brev Verd svar på henvendelse fra fylkeseldrerådet om behovet for servicelinjer på tvers i bydelene	2017/2682	
RS 11/18	Ad. nytt namn på busshaldeplass i Årstadveien i Bergen	2017/2682	
RS 12/18	Endringar i regelverket for transportordninga for funksjonshemma	2017/17796	
RS 13/18	Sjukeheimplassar og ventelister i Bergen kommune	2017/2682	
RS 14/18	Fråsegn til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune	2017/16474	
RS 15/18	Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2017	2016/9267	
RS 16/18	Et aldrende samfunn har også et folkehelseperspektiv	2018/560	
RS 17/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/4780	
RS 18/18	Vestlandskonferansen 7.- 8. mai i Loen	2017/2682	
RS 19/18	Handlingsplan 2016-2019 for Hordaland fylkeseldreråd	2017/2682	
RS 20/18	Årsmelding 2017 for Fylkeseldrerådet i Hordaland	2017/2682	
PS 14/18	Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tema, vidare planlegging	2017/2682	
PS 15/18	Invitasjon til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2018	2017/2682	
PS 16/18	Ymse		
PS 17/18	Ad. nytt namn på busshaldeplass i Årstadveien i Bergen	2017/2682	
PS 18/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/4780	
PS 19/18	Eldreråd er ein uvurderleg ressurs for å bygge eit nytt fylke	2017/2682	

## **PS 10/18 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

## **PS 11/18 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

Dei politiske sakene vart handsama før referatsakene.

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje tre saker på saklista for møtet utan saksframlegg:

- RS 11/18 vart omgjort til ny sak PS 17/18 Ad. nytt namn på busshaldeplass i Årstadveien i Bergen
- RS 17/18 vart omgjort til ny sak PS 18/18 Folkehelseundersøking i Hordaland
- Ny sak PS 19/18 Brev frå Vest-Agder fylkeskommune delt ut i møtet: Eldreråd er ein uvurderleg ressurs for å bygge eit nytt fylke

### **Vedtak**

Saklista vart godkjent med merknadane nemnd over.

## **PS 12/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 11.01.2018**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møte den 11.01.2018.

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 11.01.2018 vart godkjent utan merknader.

## **PS 13/18 Referatsak (meldingar)**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

I samband med **RS 9/18** er det ynskjeleg å invitere Skyss til neste møte i fylkeseldrerådet for å informere om arbeidet sitt og kva dei konkret arbeider med no.

I samband med **RS 12/18** informerte Synnøve Solbakken om vedtak gjort i utval for miljø og samferdsel (MISA) sitt møte 14.03.18. Saksprotokollen frå nemde møte vart sendt fylkeseldrerådet pr e-post.

I samband med **RS 13/18** orienterte Inger Sjong om at ho vil informere fylkeseldrerådet sitt arbeidsutval etter at Bergen eldreråd har hatt sitt møte.

I samband med **RS 14/18** vil sekretariatet bestille «Kommuneplanens arealdel, høyringsutkast» frå Bergen kommune til utdeling på neste møte.

I samband med **RS 18/18** vart det opplyst om reiserute og at alle rådsmedlemene unntatt Solbakken er påmeldt. Ingen frå sekretariatet kan delta,- dette gjeld også landskonferansen.

I samband med **RS 20/18** vil sekretariatet sende årsmeldinga (elektronisk) til dei kommunale eldreråda, samt førespørje trykkeriet som HFK har avtale med om pris på trykte hefte.

## **Vedtak**

Øvrige referatsaker vart tatt til orientering.

## **PS 14/18 Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tema, vidare planlegging**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til fleire tema for eldrerådskonferansen 2018.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

**Gunda F Sparre (LOP)** satte fram to forslag:

«1. Etter vestlandskonferansen i Loen vil fylkeseldrerådet vurdere om det skal bli invitert personar frå vestlandskonferansen til å innleie på vår eigen konferanse i november 2018 om ernæring.

2. Klinisk ernæringsfysiolog v/Haraldsplass Diakonale Sykehus blir spurt om å innleie på fylkeseldrerådet sin konferanse i november 2018.»

**Inger Lingjerde (PF)** satte fram slikt forslag:

«Sende eit skriv til dei kommunale eldreråda om det er andre tema enn ernæring som er ynskjeleg på eldrerådskonferansen.»

**Odd Himle (SN-H)** satte fram to forslag:

«1. Eldre – mat – ernæring og redusert medisinbruk og produksjon av maten. (Matleverandør – kommunale storkjøken – kjøken på institusjonane)

2. Rådsmedlemene blir oppfordra til å tenkje gjennom aktuelle tema til eldrerådskonferansen og melde inn tema til arbeidsutvalet.»

**Synnøve Solbakken (FL A/Sp/SV)** og **Kåre Ystanes (PF)** satte fram slikt forslag:

«Orientering angående regionreforma og korleis ein ser organisering av eldreråda etter samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane.»

**Synnøve Solbakken (FL A/Sp/SV)** satte fram slikt forslag:

«Kulturelt innslag – Gå på teater, gjerne Hordaland Teater på kveldstid den 6. november.»

## **Røysting**

Forslaga frå Sparre, Lingjerde, Himle og Solbakken og Ystanes vart samrøystes vedtekne.

## **Vedtak**

a) Forslag til tema til Tema til Eldrerådskonferansen 2018

1. Eldre – mat – ernæring og redusert medisinbruk og produksjon av maten.

(Matleverandør – kommunale storkjøken – kjøken på institusjonane)

2. Orientering angående regionreforma og korleis ein ser organisering av eldreråda etter samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane.

b) Vidare planlegging

1. Etter vestlandskonferansen i Loen vil fylkeseldrerådet vurdere om det skal bli invitert personar frå vestlandskonferansen til å innleie på vår eigen konferanse i november 2018 om ernæring.
2. Klinisk ernæringsfysiolog v/Haraldsplass Diakonale Sykehus blir spurt om å innleie på fylkeseldrerådet sin konferanse i november 2018.
3. Sende eit skriv til dei kommunale eldreråda om det er andre tema enn ernæring som er ynskjeleg på eldrerådskonferansen.
4. Rådsmedlemene blir oppfordra til å tenkje gjennom aktuelle tema til eldrerådskonferansen og melde inn tema til arbeidsutvalet.
5. Kulturelt innslag – Gå på teater, gjerne Hordaland Teater på kveldstid den 6. november

## **PS 15/18 Invitasjon til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2018**

### **Forslag til vedtak**

Følgjande medlemmer vil delta på Landskonferansen den 4. – 6. juni 2018 i Tromsø:

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

Sekretariatet syt for påmelding og reisebestilling.

**Kåre Ystanes (PF)** satte fram slikt forslag:

«Alle rådsmedlemene får høve til å delta på landskonferansen.»

**Gunda F Sparre (LOP)** satte fram slikt forslag:

«Tillegg:

Det vert ikkje kalla inn vara til vestlandskonferanse og/eller landskonferansen, dersom eit medlem ikkje kan delta.»

### **Røysting**

Forslaga til Ystanes og Sparre vart samrøystes vedtekne.

### **Vedtak**

1. Følgjande medlemmer vil delta på landskonferansen den 4. – 6. juni 2018 i Tromsø: Kåre Ystanes, Gunda F Sparre, Inger M Lingjerde, Odd Himle, Monrad Reigstad og Inger Sjong.
2. Det vert ikkje kalla inn vara til vestlandskonferanse og/eller landskonferansen, dersom eit medlem ikkje kan delta.



## **PS 16/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

Seksjonsleiar Marit Rødseth v/regionalavdelinga orienterte om planarbeidet i Hordaland fylkeskommune.

Inger Lingjerde orienterte om at mamografibussen i Nordhordland er vedtatt å ikkje starte opp igjen og heller ikkje vere tilbod på Helsehuset. Formelt brev frå Radiologisk avdeling vert lagt fram på neste møte som sak.

Odd Himle etterspør status for båtlause ruter i Osterfjorden. Sak på neste møte.

Det er fylkeseldrerådet i Hordaland sin tur til å arrangere Vestlandskonferansen i 2019. Viktig å starte planlegging tidleg.

## **PS 17/18 Ad. nytt namn på busshaldeplass i Årstadveien i Bergen**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

RS 11/18 vart sett på sakskartet utan saksframlegg.

**Kåre Ystanes (PF)** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet ber arbeidsutvalet på ny å skrive brev til Skyss og argumentere for at Skyss endrar syn i saka.»

#### **Røysting**

Forslaget frå Ystanes vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet ber arbeidsutvalet på ny å skrive brev til Skyss og argumentere for at Skyss endrar syn i saka.

## **PS 18/18 Folkehelseundersøking i Hordaland**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

RS 17/18 vart sett på sakskartet utan saksframlegg.

**Kåre Ystanes (PF)** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet ber arbeidsutvalet formulere brev til regionalavdelinga med kommentarar til spørjeskjemaet.

#### **Røysting**

Forslaget frå Ystanes vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet ber arbeidsutvalet formulere brev til regionalavdelinga med kommentarar til spørjeskjemaet.

## **PS 19/18 Eldreråd er ein uvurderleg ressurs for å bygge eit nytt fylke**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 15.03.2018**

Fylkeseldrerådet sette saka på saklista utan saksframlegg.

**Gunda F Sparre (LOP)** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland sender forslag om følgjande uttale til uttale på vestlandskonferansen i Loen og landskonferansen for fylkeseldreråd i Tromsø:

- Kor viktig det er at fylkeseldreråda blir ståande som eit eige lovpålagt organ i fylkeskommunane /dei nye regionane.

Arbeidsutvalet formulerer brevet.»

### **Røysting**

Forslaget frå Sparre vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkeseldrerådet i Hordaland sender forslag om følgjande uttale til uttale på vestlandskonferansen i Loen og landskonferansen for fylkeseldreråd i Tromsø:
  - Kor viktig det er at fylkeseldreråda blir ståande som eit eige lovpålagt organ i fylkeskommunane /dei nye regionane.
2. Arbeidsutvalet formulerer brevet.

**Fra:** Even Vaular <Even.Vaular@hfk.no>  
**Sendt:** 11. mai 2018 12:54  
**Til:** Askøy kommune; Post Austrheim; Bømlo kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Fitjar kommune; Fjell kommune; Fusa kommune; Jondal kommune; Kvam kommune; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Vaksdal; Voss kommune  
**Emne:** Orientering om vedtak - tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring 2018

## Til søkjarkommunane

Takk til alle de som har søkt om tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring! Det vart søkt om mange gode tiltak, med samla søknadssum på vel tre gongar ramma for tilskotsordninga. Det inneber at mange gode tiltak diverre ikkje har fått tildelt midlar frå ordninga vår.

*Utval for miljø og samferdsel* handsama tildelingssaka (52/18) i sitt møte 18. april 2018, der dei fatta dette vedtaket:

*Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga Trygg skuleveg og punktutbetring til følgjande tiltak:*

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
Austrheim	Veglys (kostnadar til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
Bømlo	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
Fitjar	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
Jondal	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
Kvam	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
Lindås	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
Os	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
Vaksdal	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum	570 000
Voss	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
SUM		<b>20 770 000</b>

Kommunane som vert tildelt midlar til nemnte tiltak vil få tilsendt tilsegnsbrev etter kvart.

*Beste helsing*

**Even Vaular**  
Rådgjevar  
Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		18/775

### ELDREDAGEN 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldredagen 2018 vert markert med Eldrefest i Turbinen 1. oktober i tråd med oppsett program. Eldrerådet er arrangementnemnd.

#### Saksopplysningar:

Eldredagen 2018 vert arrangert med Eldrefest i Turbinen måndag 1. oktober. På førre møte i Eldrerådet fekk leiar og sekretær i oppgåve å søkja om tilskot til markeringa frå Sparebanken Vest sine allmennnyttige midlar. Søknad vart sendt innan frist, og det vart tildelt kr. 5000,- til markering av Eldredagen 2018.

På møtet vert det gjennomgang av program og planlegging av dagen.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2018	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.06.2018
13/2018	Eldrerådet	PS	20.06.2018
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 145	18/681

### HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE

#### Vedlegg:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 - 2022  
HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale: .....

#### Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 er sendt til politisk behandling. Formannskap, plan-og økonomiutval skal i møte 4.juni gje sin innstilling til kommunestyret.

Rådmann sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert sendt på høyring til utval og råd. Det er høve til å gje uttale til kommunestyret si behandling.

Vaksdal kommune

# Handlingsprogram og økonomiplan 2019 - 2022

---



## Innhold

Rådmanns framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019 - 2022 .....	3
Rammevilkår .....	4
Folketalsutvikling og demografi .....	4
Økonomiske rammevilkår .....	6
Styringssystem.....	8
Overordna planar .....	10
Kommuneplan – Samfunnsdel 2017 -2028 .....	10
Kommunedelplanar.....	11
Planoversikt.....	13
Økonomiplan .....	14
Mål.....	15
Drift.....	15
Investeringar.....	21
Lån, renter og avdrag .....	23
Fond.....	24
Handlingsprogram i planperioden.....	25
Gjennomgåande fokusområde.....	25
Tenestene .....	28
Organisasjon.....	33
Vedlegg.....	36

## Framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019 - 2022

Kommuneplan med delplaner er grunnlaget for handlingsprogrammet for dei neste fire åra. Økonomidelen bygger på gjeldande økonomiplan oppdatert med endringar i rammevilkår, lovverk eller kommunale vedtak.

Gjennom handlingsprogrammet viktige mål for samfunnet realiserast innafør dei rammene kommunen rår over. Kommunen har tatt strategiske vegval og møter utfordringane med innovasjon og nyskaping. Dette er i samsvar med eit av hovudmåla i den nye kommuneplanen «Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter». Kommunestyret har vedtatt framtidsretta mål og strategiar for dei neste ti åra. Dette vert fylgt opp i delmål og tiltak i komande planperiode og vidare i seinare rulleringar. Samhald, nyskaping og open er verdiane vi skal bygge framtida på.

Deltaking og meistring er viktig for livskvalitet og helse. Kommunen skal bidra til god folkehelse gjennom utvikling og tilrettelegging av samfunnet slik at den enkelte kan ta gode val. Gjennom tidleg innsats, trivsel og meistring i barnehage og skule, og tilrettelegging for aktivitet og deltaking i samfunnet skal me bidra til å fremje meistring og god helse.

Oppvekst og helse og omsorg driv omfattande kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid innafør fleire områder. Utviklingsprogramma er både i eigen regi, gjennom samarbeid med andre kommunar og med ulike FoU miljø. I eit stadig meir digitalisert samfunn er forventningane til kommunane å halde tritt med utviklinga elles også på dette området. Vaksdal har tatt store steg dei siste åra og har fått på plass mange nye løysingar. Utviklingsarbeid og digitalisering må prioriterast høgt også i åra som kjem.

Effektiv og målretta ressursbruk vert stadig viktigare for å løyse oppgåvene. Å prioritere dei viktige tinga, bruke teknologien, tenke smart og nyskaping er stikkorda for ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og i framtida.

Større utfordringar ligg framfor oss i planperioden og utover. Reduserte inntekter og svært høge investeringar vil svekke handlingsrommet og krevje raskare og større omstillingar. Investeringane i skulebygg er eit stort løft for ein kommune på vår størrelse og rådmann er uroa for ei monaleg stor auke i lånegjelda utan at investeringa skal redusere driftskostnader i særleg grad. Konsekvensane for opplæringstilbodet og andre tenester kan på sikt bli negative.

Endrings- og utviklingsarbeidet må styrkast for å sikre kompetanse, kvalitet og kostnadseffektiv drift. Planlegging og tilrettelegging for auka busetnad i «stasjonsbyane» vert sentralt for å skape vekst fram mot 2030. Nasjonalt har folkeveksten avtatt og prognosane er svakare vekst framover.

Utfordringane vil krevje samarbeid på alle nivå i administrasjonen, og det vil krevje eit godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen. God kommunikasjon, informasjon og dialog vil vere viktig både i eigen organisasjon og i høve innbyggjarane.



## Rammevilkår

### Folketalsutvikling og demografi

For landet samla har folketalsveksten avtatt i 2017. Redusert innvandring, auka utvandring og færre fødsler er årsaken til dette.


År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Pr 01.01 i året	4106	4110	4107	4153	4138	4132	4140	4096	4125	4123	4127
Endring frå året før	12	4	-3	46	-15	-6	8	-44	29	-2	4
Endring i %	0,30%	0,10%	-0,10%	1,10%	-0,40%	-0,10%	0,20%	-1,10%	0,70%	-0,05%	0,10%

Siste 10 år har det vore liten endring i det totale folketalet i kommunen og fordelinga mellom kvinner og menn er tilnærma lik i pr. 01.01.2018. Folketalet i landet har auka i same periode. Sidan 2009 har kommunen busett flyktningar etter nasjonalt introduksjonsprogram. Innvandring har bidratt til å halde folketalet oppe i perioden.

Samanliknar ein folketalet frå år 2000 og fram til i dag finn ein at det har vore ei demografisk endring. Reduksjonane i folketal har kome innafør dei aldersgruppene som kommunen yter mest tenester til – barnehage, skule og eldreomsorg.

Aldersgruppe	År 2000		År 2018		Endring	
	Folketal	Fordeling	Folketal	Fordeling	Folketal	Endring i %
0-5 år	305	7,3 %	292	7,1 %	-13	-4,3 %
6-15 år	550	13,1 %	488	11,8 %	-62	-11,3 %
16-19 år	217	5,2 %	204	4,9 %	-13	-6,0 %
20-66 år	2234	53,3 %	2360	57,2 %	126	5,6 %
67 år eller eldre	886	21,1 %	783	19,0 %	-103	-11,6 %
Sum	4192		4127			

Status folketal samanlikna med landet elles viser at Vaksdal skil seg ut ved at det er færre i alderen 25-66 år og fleire i alderen 80 år og over.



## Framskrivingar

Vi har oppdaterte framskrivingar utarbeida av Hordaland fylkeskommune/SINTEF i 2018. Folkeveksten nasjonalt har avtatt og i rapporten *Fylkesprognosar Hordaland 2018 – 2045: Befolkning* utgitt i april 2018 er det berekna lågare folketalsutvikling i perioden i fylket.

*«For eit par år sidan var prognosane for befolkningsveksten i fylket mykje meir optimistiske. Dei nye tala frå Hordaland fylkeskommune viser at vi no er tilbake til ein meir normal situasjon med moderat vekst».*

Dei peikar på tre årsaker:

- Innvandringa går kraftig ned
- Rekordlåge fødselsratar
- Eldre befolkning

I 2017 utgjorde nettoflyttinga til fylket godt under 0,1 % av folketallet. Framover er den venta å ligge på omlag 0,2 % årleg, men med ein langsam nedgang fram mot 2044. Dette er langt svakare vekst enn tdlegare venta. Fødselsoverskotet var i 2017 berre 0,4 % og det er venta å gå sakte nedover mot 0,1% og i 2040. Dette heng saman med aldersfordelinga i befolkninga. På det meste utgjorde innvandring rundt eitt prosentpoeng av folkeveksten som del av folketallet.

Det er venta sterkast folketalsvekst i kommunane Os, Fjell, Askøy og Meland og størst nedgang i kommunane Odda og Ullensvang. Prognosen for Vaksdal er svak negativ folkevekst -0,4% i perioden 2018 -2045, noko som vil gje om lag ei slik utvikling. I planperioden utgjer det om lag 50 personar.

### Fylkesprognosar Hordaland: Vaksdal

2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2045
4127	4115	4103	4091	4079	4067	4055	4044	4033	4022	4011	4000	3990	3721

SSB si framskriving frå 2016 bygger på ein større nasjonal vekst enn det vi ser i dag.

Prognose pr 2016 (SSB)	Økonomiplanperiode					Lav vekst		Høg vekst	
	2018	2019	2020	2021	2022	2030	2040	2030	2040
0 år	43	43	43	43	43	41	37	58	57
1-5 år	229	235	240	237	226	222	207	310	304
6-15 år	485	484	485	497	503	483	460	615	653
16-19 år	208	193	190	165	172	172	185	179	258
20-66 år	2389	2401	2372	2391	2370	2331	2270	2456	2552
67-79 år	484	485	521	531	551	622	611	646	655
80-89 år	224	225	217	209	209	242	314	268	373
90 år +	81	77	77	73	71	57	66	83	117
Samla	4143	4143	4145	4146	4145	4170	4150	4615	4969

Denne framskrivinga ligg til grunn for gjeldande økonomiplan. Basert på nyare utvikling er det venta lavare vekst nasjonalt og for kommunane dei komande åra. Oppdaterte framskrivingar basert på svakare nasjonal vekst er venta i juni 2018.

Oppdaterte berekningar frå Fylkesprognosar.no er lagt til grunn i komande planperiode. Med bygging av ny veg og bane er det venta folkevekst fram mot 2030 og 2040, dette må bereknast nærare i seinare økonomiplanar.

## Økonomiske rammevilkår

Kommunen har hatt synkende inntekter dei siste åra, både frie inntekter frå staten og kommunen sine egne inntekter knytt til vasskraft og finansforvaltning er redusert. Tidlegare har kommunen hatt betydelege inntekter knytt til sal av konsesjonskraft og eigedomsskatt for kraftverk. Desse inntektene saman med avkastning aksjar og obligasjonar og «positivt premieavvik» vart brukt til å finansiere årleg drift.

Dei seinare åra har kommunen effektivisert og tilpassa drifta til lågare inntekter. Kommunen har lukkast med å gjere drifta mindre avhengig av ekstraordinære inntekter i drifta. Den er ikkje budsjettert med avkastning på aksjar og eventuell framtidig overskot frå sal av konsesjonskraft skal føre til redusert låneopptak og auka avsetjing til fond.

Det er fleire forhold som påverkar inntektene til kommunen:

- Folketalsutviklinga – låg vekst eller svak nedgang i folketalet
- Utviklinga innan vasskraft – reduserte inntekter frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og utbytte
- Endringar i inntektssystemet for kommunane

### Kommuneproposisjonen 2019

Kommuneproposisjonen 2019 vart lagt fram 15.mai 2018. Regjeringen legg opp til ein svak vekst i kommunal sektor på mellom 0,7 og 0,9 prosent.

Fylkesmannen i Hordaland har gitt eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2018 og kommuneopplegget 2019.

### Inntektssystemet

#### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

#### Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og psykisk utviklingshemma), bortfall av småkommunetillegg og nedgang i distriktstilskot.

#### Telletidspunkt

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga vil vere 01.07. i år som grunnlag for rammeoverføring i 2019. For inntektsutjamninga i 2019 er telletidspunktet innbyggjarar

Handlingsrommet i økonomien framover forventes å bli klart mindre enn det som har vært tilfelle de siste tiårene. Strammere økonomisk handlingsrom vil presse fram mer effektive løsninger i kommunesektoren. Offentlig sektor må forenkles, og arbeidet med innovasjon må forsterkes. Ny teknologi kan bidra til en enklere hverdag for næringsdrivende, innbyggere og offentlig ansatte og er avgjørende for å sikre velferden i årene framover.

per 01.01.2019. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling blir telletidspunktet 01.01.2018 for rammeoverføring i 2019.

#### Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn 1,4 prosent (gjennomsnitt per år). Hordaland har fleire kommunar med høg folke- vekst, særleg i omlandet til Bergen. Tilskotet er difor viktig i fylket.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa. Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

#### Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør - Noreg med svak samfunnsmessig utvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare. Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

#### Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo høgare trekk- prosent i høve til fullt tilskot. Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot. Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

#### Distriktsindeks

Departementet legg opp til at noverande distriktsindeks (oppdatert med tal for 2017) blir vidareført ved fordelinga av distriktstilskot og småkommunetillegg i 2019. Departementet vil vurdere nærmare bruken av distriktsindeksen ved fordelinga av desse tilskota i inntekts- systemet. Departementet vil kome attende til dette i kommuneproposisjonen for 2020, i mai 2019.

#### Utgiftsbehov


Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgifts- utjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Departementet gjer framlegg om at samla utgiftsbehov for kommunane frå og med 2019 blir berekna på grunnlag av konsernrekneskapstal og ikkje, som til no, på grunnlag av rekneskaps- tal for kommunekassen. Konsernrekneskapstal vil i tillegg til tal for kommunekassen også omfatta kommunale føretak (KF) og interkommunale selskap (IKS).

## Styringsystem

Gjennom gode plan- og styringsprosesser og god leiing skal kommunen ivareta rollen som tenesteyter, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Plansystemet består av kommunen sitt overordna og politisk vedtatte planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.




Kommunen sine oppgåver følger av kommunelova, plan- og bygningslova, øvrige lover og forskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkare. Gjennom reglane i plan- og bygningslova er kommunane m.a. pålagde å utarbeide samla kommuneplan for utvikling og samordna oppgåveløysing. Kommunane har vidare mynde til å styre arealbruken gjennom å utarbeide arealplanar. I gjeldande lovverk er det teke inn reglar som stiller sterke krav til samordning av ulike omsyn på alle plannivå.

Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom plansystemet. Kommunestyret vedtar alle overordna planar som kommuneplan, kommunedelplanar, ev temaplaner, handlingsprogram/økonomiplan og årsplan/budsjett. Styringsdokument på eit lågare nivå skal være ei operasjonalisering av overordna planar.

Årleg rullering av handlingsdelen/ økonomiplanen skjer i vårhalvåret med vedtak i kommunestyret i juni. Det vert lagt opp til politisk prosess gjennom orienteringar, drøftingar og temamøte i formannskap, plan og økonomiutval og kommunestyret. Rådmann sitt framlegg til handlingsprogram/økonomiplan vert lagt fram i juni.

Rådmann sitt framlegg til årsplan/budsjett basert på vedtatt handlingsprogram/økonomiplan vert lagt fram om hausten med politiske prosess før vedtak i kommunestyret i desember.

Formannskap, plan og økonomiutval har årleg ein budsjettkonferanse ved oppstart av arbeidet.



Gode plan- og styringsprosesser krev leiarar som gir retning, utnytter handlingsrommet og er resultatorientert. Samtidig skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og utvikling i heile organisasjonen. Det skal støttast opp om innovative løysingar.

**Styringssystemet** (verksemdsstyring) er rådmann sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- sikre etterleving av lover og forskrifter
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosesser og riktig ressursbruk
- sikre læring, forbetring og innovasjon

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for å iverksetje politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best moglege resultat og kvalitet i tenestene.

Linjestyring – styring av basisorganisasjon

Prosjektstyring – styring av mellombels organisasjon som eit prosjekt eller program

Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre

Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen. Mål og resultatkrav er nedfelt i leiaravtalar.

En hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggerane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.



## Overordna planar

### Kommuneplan – Samfunnsdel 2017 -2028

Kommuneplanen har mål for kommunen i eit langsiktig perspektiv. Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det utarbeida visjon og verdiar for kommunen. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar.

Vår visjon er utforma slik «Vaksdal kommune – bynært bygdeliv».

Overordna verdiar er uttrykt som

#### **Nyskapande – Open – Samhald**



#### **Nyskapande**

Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.

- kommunen er medveten i si rolle i samfunnsutviklinga
- tenestene i Vaksdal er moderne, helsefremjande og innovative
- aktiv bidragsytar for eit regionalt og interkommunalt næringsliv
- eit samfunn som tek høgde for framtidige utfordringar
- veg- og jernbaneutbygging bidrar til positiv samfunnsutvikling

#### **Open**

Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet

- Dale skal vere ein samlingsplass for heile kommunen
- eit variert kulturtilbod som femner alle
- lett for næringslivet å etablere seg
- bredt tilbod av bustadar og arbeids- plassar, som samsvarar med folketalsvekst og arealtilgong

#### **Samhald**

Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle

- trygge og utviklande oppvekstvilkår for barn og unge
- aktivitet for alle
- trygg stad å bu, og å ferdast
- god arealutnytting som bind både funksjonar og stader saman



## Kommunedelplanar

Det er utarbeida kommunedelplanar for dei to store tenesteområda oppvekst og helse og omsorg.

### Oppvekst mot 2020

#### I vår barnehage

- har me eit tett samarbeid med heim og lokalsamfunn med særleg fokus på fagområdet *nærmiljø og samfunn*
- er fagområda *kommunikasjon, språk, tekst og tal, rom og form* synleg i all aktivitet og leik
- står leiken sentralt. Vi er fysisk aktive, kreative og nytenkjande i eit trygt og utviklande leike- og læringsmiljø

#### I vår skule

- har vi eit godt samarbeid med heim og lokalsamfunn
- arbeider vi for at alle elevar når sitt maksimale faglege nivå med høg grad av mestring
- har vi elevar med høg grad av trivsel i eit godt fysisk og psykisk miljø

#### Vår skulefritidsordning

- er ein kreativ og utviklande arena med stor variasjon innan leik, kultur og ulike fritidsaktivitetar
- er prega av tydelege og omsorgsfulle vaksne
- har vi glade barn i eit godt fysisk og psykisk miljø

#### Tverrfagleg samhandling

- Vaksdal kommune er kjend for å ha eit lågterskeltilbod med eit hjelpeapparat som samarbeider svært godt på tvers av profesjonar
- Alle barn/unge/familiar føler seg trygg på at dei får god rettleiing og koordinert hjelp frå hjelpeapparatet når dei treng det
- Helsestasjon, barnevernet og PPT jobbar tett saman med skule og barnehage med fokus på tidleg innsats



Kommunedelplan oppvekst er planlagt rullert i planperioden jf vedtatt planstrategi.





## Helse og omsorg 2015 – 2030

### Aktivitet, deltaking og meistring – heile livet

- Vaksdal kommune skal ha fokus på helsefremjande arbeid og folkehelse
- Innbyggjarane i Vaksdal skal kunne ta helsevenlege val.
- Innbyggjarane i Vaksdal skal kunne ta helsevenlege val.
- Brukarmedverknad både på system- og individnivå

### Mobilisera og engasjera omsorgsressursar i samfunnet

- Eit rikt organisasjonsliv med mange engasjerte innbyggjarar
- Eit samfunn der deltaking i frivillig arbeid vert oppfatta som positivt og attraktivt
- Ein frivilligsentral som vert brukt aktivt som møtepunkt mellom kommunen og dei frivillige og som set frivilligheit i system og etablerer og koordinerer tilbod
- Ei helse- og omsorgsteneste som legg til rette for samspel med lokalsamfunnet

### Framtidsretta, berekraftige og «gode nok» tenester med vekt på førebygging og tidleg innsats

- Tilgjengelege førebyggjande tenester for innbyggjarane
- Førebyggja og redusera utvikling av sjukdom / helseplager
- Habilitering og rehabilitering og tilgang til tverrfagleg kompetanse / tverrfaglege team
- Rett helseteneste på rett stad til rett tid

### Systematisk og kontinuerleg utvikling og innovasjonsarbeid

- Ta aktiv rolle i utvikling av tenestetilbod og medverka til og tilretteleggja for forskning
- Gjera teknologiske løysingar tilgjengeleg for brukarar og tilsette
- Ha tilsette som har oppdatert kompetanse innan IKT og velferdsteknologi
- Ha ei teneste som er open for nye og innovative løysingar

### Tilsette som trivst på jobb og bidreg til å utvikla tenesta og nå måla

- Rekruttera og holda på mange nok og kompetente nok tilsette
- Ha tilsette som får vidareutvikla kompetansen sin
- Jobba for heiltidskultur
- Ha leiarar som ivaretek og utviklar sine tilsette, viser retning og har resultatfokus



## Planoversikt

Følgjande planer er gjeldande eller under arbeid:

Plantittel	Tidsperiode	Vedtaksdato	Merknad
Kommuneplanen Samfunnsdel	2017 - 2028	13.02.2017	
Kommuneplanen Arealdel	2006 – 2016	19.02.2007	Ny plan er i prosess
Kommunedelplan Oppvekst	Mot år 2020	2013	Til rullering
Kommunedelplan Helse- og omsorg	2015-2030	11.04.2016	
Kommunedelplan for vegsamband Tysse – Kallestad		12.06.2006	
Kommunedelplan for klima og energi	2011 - 2015	26.09.2011	Til rullering, som temaplan
Strategisk næringsplan	2008 - 2012	2008	Tatt inn i kommuneplanen
Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde	Plan med handlingsprogram 2016-2019	2016 i dei respektive kommunestyra	
Overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap	2015-	2015	Oppdaterast ved endringar. Til rullering i 2019.
Plan for kulturminne	2015-2018	14.12.2015	
Kulturplan	2016-2026	Vedteken 2016	
Trafikktryggleiksplan	2016-2020		Vert evaluert og oppdatert årleg. Til rullering 2019
Verneplan for Stølsheimen		Vedteken	
Bustadsosial strategiplan	2010 - 2015	08.02.2010	Til rullering
Rusmiddelplan (ruspolitisk handlingsplan)		2004	Til rullering
Hovudplan for vassforsyning		Vedteken	
Hovudplan for avlaup		Vedteken	

Godkjent planstrategi for perioden 2017 -2020.

Plantype og -namn	Vår 2017	Haust 2017	Vår 2018	Haust 2018	Vår 2019	Haust 2019	Vår 2020	Haust 2020
<b>Kommuneplan</b>								
Samfunnsdelen (2005)								
Arealdel (2007)								
<b>Kommunedelplan</b> Oppvekst								
<b>Arealplanar</b>								
Områdeplan Vaksdal								
Områdeplan Stanghelle								
Massedeponi								
<b>Tema og fagplanar</b>								
Overordna plan for Samfunnstryggleik og beredskap								
Strategisk plan for massehandtering								
Energi- og klimaplan								
Småkraft								
Ruspolitisk handlingsplan								
Trafikktryggleiksplan								
Bustadpolitisk strategiplan								

## Økonomiplan

Økonomiplanen 2019 -2022 bygger på gjeldende plan. Endra rammevilkår og kommunale vedtak er tatt omsyn til.

### Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44. Kravet til handlingsprogram er heimla i Plan-og bygningslova §11-1 *Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

1. Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettgjæmsel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.
2. Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.
3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.
4. Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.
5. Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.
6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.
7. I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.
8. Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.

## Mål

Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har



Langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: på nivå med landsgjennomsnittet
- Disposisjonsfond minst 10%

Netto lånegjeld (*Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fråtrekt utlån og unyttta lånemidlar*) i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.2017 er 47 %, medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare. Snitt for landet u/Oslo er 75,4 % (data henta frå KOSTRA pr 15.03 – førebelse tal).. Langsiktig gjeld pr 31.12.2017 er kr 308 152 591.

Store investeringar i planperioden vil doble den langsiktige gjelda og plassere kommunen over snittet i landet.

Kommunen har mål om eit netto driftsresultat i samsvar med anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat i 2017 var 5,7 %. Reduserte inntekter og auka kostnader til renter og avdrag vil setje dei langsikte måla om resultat og reserver under press i heile perioden.

*Høy investeringsaktivitet innebærer også økt behov for lånefinansiering. Både brutto og netto lånegjeld vokser mer enn inntektsveksten i både kommuner og fylkeskommuner. Økt lånegjeld gjør at kommunesektoren er mer følsom for rentendringer. (Rune Bye, sjefsøkonom KS)*

Pr 31.12.2017 var disposisjonsfond kr 82.864.459, dette er 19,2 % av brutto driftsinntekter, og er rekna som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarende premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjør ein stor del av disposisjonsfondet vårt. Ser vi bort frå amortiseringsfondet er disposisjonsfondet 8,9 % av brutto driftsinntekter.

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn å nytte amortiseringsfondet til årleg avskrivning av premieavviket og til å dekke negativt premieavvik og ev tap på verdipapir.

## Drift

Kommunen står framfor store utfordringar økonomisk i planperioden. Inntektsgrunnlaget vert sterkt svekka dei komande åra og større omstillingar er nødvendig. I planperioden er det venta lav folketalsvekst. Ein større vekst i folketallet noko fram i tid som følgje av veg og bane- utbygginga er eit mål, samstundes vil det auke investeringsbehovet. Kommunen slit i dag med eit stort vedlikehaldsetterslep og behov for investeringar. Lånegjelda er aukande og kommunen har store pensjonsforpliktingar i framtida.

### Lågare inntekter

Endringar i inntektssystemet gjer at Vaksdal i mindre grad vert kompensert for smådriftsulemper. Demografiske endringar fører til reduksjon i inntektene. Vaksdal er ein skattesvak kommune med inntekter under snittet, i noko grad vert dette kompensert for med utjamningsmidlar og distriktstilskot.

Inntekter knytt til kraftproduksjon vert brukt til tenesteyting til innbyggerane. Desse inntektene er sterkt redusert som følgje av konjunkturar og låge straumprisar. Endringane gir effektar for rammetilskotet, men har sitt motstykke i at det er trong for færre tenester. Tilpassinga av den kommunale organisasjonen til denne utviklinga pågår, men det er trong for auka omstillingstakt for å møte den framtidige økonomiske ramma.

### **Folketal og demografi**

Veksten nasjonalt har bremsa opp og prognosane framover er lavare vekst. SSB vil presentere nye prognosar i juni 2018. Fykeskommunen har utarbeidd nye prognosar for Hordaland. For Vaksdal er det venta -0,4 vekst fram mot 2040, dvs. nedgang i folketalet. Vaksdal har over tid hatt stabilt folketal i hovudsak gjennom innvandring. I planperioden har vi lagt til grunn uendra eller litt lågare folketal. Det vert færre eldre over 80 år og barn/unge dei komande 4 åra og kommunen må tilpasse tenestene etter endra behov. Etter 2025 stig talet på eldre som i resten av landet.

### **Endra behov og nye krav til tenestene**

Regjeringa la fram oppgåvemeldinga vinteren 2015 (St.meld.14), i tillegg kjem nye oppgåver og krav i andre føringar t.d. primærhelsemeldinga St.meld. 26 (2014-2015). Krav til spesifikk kompetanse, bemanningsnormer og tal stillingar er døme på andre krav som kjem årleg innafor stadig fleire områder.

Vaksdal kommune leverer gode tenester til innbyggerane i dag. Med nye oppgåver og spesialiserte tenester aukar kravet til kompetanse og kapasitet i kommunane. Mindre kommunar må truleg samarbeide med andre om fleire tenester enn i dag. I planperioden er det nødvendig å fokusere på kjerneoppgåvene og dempe forventningane til auka tilbod utover det. Kommunen må vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative løysingar

### **Fortsatt høgt investeringsnivå**

Med store prosjekt som ny skule på Dale, rehabilitering av Vaksdal skule m.v er investeringsnivået i perioden særdeles høgt for ein kommune på vår størrelse. Desse investeringane reduserer i mindre grad driftskostnadane.

Endringane i helse og omsorg vil også krevje investeringar i perioden, men dette er investeringar som kan redusere driftsnivået framover. Lån og tilskot gjennom Husbanken vil redusere kostnadane ved investeringa.

Samtidig som vedlikehaldsstrategien skal leggest til grunn for arbeidet med verdibevaring, må utgiftene tilpassast det økonomiske handlingsrommet. Finansiering av verdibevaring for heile bygningsmassen må skje over fleire periodar.

### **Raskare omstilling for å tilpasse oss rammevilkåra i planperioden**

Behovet for raskare omstilling for å tilpasse oss lågare inntekter og reduserte rammer til tenesteyting vil prege perioden. Auka kapitalkostnader og pensjonskostnader skal dekkast inn samtidig som både krav frå myndigheiter og forventningar i samfunnet aukar. Mange kommunar er i same situasjon.

I Perspektivmeldingen frå regjeringa vert det stilt klare krav om prioritering og effektivisering i offentlig sektor herunder kommunane «*der man tidlegare har kunnet imøtekomme etterspørsel på fleire områder samtidig, vil man fremover i større grad måtte prioritere mellom ulike formål. Det kan også bli behov for å nedskalere innsatsen på enkeltområder sammenliknet med i dag*».



### Rammetilskot og skatt

Rammetilskotet vert påverka av folketalutvikling, alderssamansetning og andre demografiske forhold samanlikna med landet samla. Kostnadsnøklar vert nytta i utgiftsutjamninga. Målet med utgiftsutjamninga er å sette kommunane i stand til å gje innbyggjarane likeverdige og gode tenester.



Kriteria i kostnadsnøkkelen kan i grove trekk delast opp i tre grupper; alderskriteria, sosiale kriteria og strukturelle kriteria. Alderskriteria og sosiale kriteria seier noko om alderssamansetning og levekårsdata i kommunane som påverkar etterspurnaden etter kommunale tenester. Strukturelle kriterier seier noko om variasjon i kostnadsforhold ved kommunen som kan forklare delar av kommunen sine utgifter, som kommunestørrelse og busettingsmønster.

Det er venta reduksjonar i åra som kjem som følgje av demografiske endringar i kommunen, noko som krev tilpassing til endra behov og rammevilkår. Dersom vi legg SSB sin framskriving til grunn med middels nasjonal vekst frametter, og lav vekst for Vaksdal kommune, viser utrekningar at det i planperioden kan påreknast reduksjonar i rammeoverføringane. Inntektsbortfallet stiller krav til større og raskare endringar for å tilpasse oss nye rammevilkår og redusert behov for tenester.

Om det vert nedgang i folketalet slik dei siste prognosane viser, vil det redusere rammeoverføringane til kommunen basert på forventna lavare behov for tenester. Det er lagt til grunn ein viss nedgang i rammetilskott grunna færre eldre og barn, og svakare utvikling enn landet.

### Inntekter frå vasskraft

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som kommunen nyttar til finansiering av tenestetilbodet. Største delen av eigedomsskatten kjem frå kraftstasjonar, der skattegrunnlaget for komande år kjem frå sentralskattekontoret mot slutten av året. BKK varsla i nye prognoser hausten 2016 ei stor endring i framtidig eigedomsskatt til kommunen. I perioden fram mot 2021 er prognosar at denne vert denne redusert med 9,9 mill. Siste utvikling i






kraftprisar og forventa utvikling tilsei at eigedomsskatt frå kraftstasjonar mest sannsynleg vil vere låg framover. Kommunen legg til grunn prognosen frå BKK i økonomiplanperioden. Det er særleg låge kraftprisar med redusert inntening saman med auka kostnader til rehabilitering og vedlikehald som påverkar grunnlaget for eigedomsskatt.

Grunnrenta er auka kvart år i det siste, det er for å auke staten sine inntekter som kompensasjon for endringar i skattepolitikken mv.. Med auka grunnrente vert eigedomsskatten i kommunen redusert, sjølv små endringar slår ut på skattedelen frå kraftverk. Kapitaliseringsrenta på eigedomsskatt er ikkje endra og har lagt fast på 4,5 % sidan 2011. Det gir eit lågare skattegrunnlag for kraftverka. Kommunen er av den oppfatning at kapitaliseringsrenta bør følgje utviklinga over tid i rentemarknaden.

For verk og bruk (vasskraftproduksjon) er det maksimal sats på 7 promille. For hus og fritidsbustader er det i dag 5,5 promille. Kommunen skal omtaksere i 2019 med verknad frå 2020. I Økonomiplanen legg vi opp til mindre endringar i eigedomsskattegrunnlaget som følgje av omtakseringa.

Det er vedtatt endringar i eigedomsskatten frå 2019. P.t er ikkje konsekvensane av omlegginga klare, kommunane skal m.a gjennomføre nytaksring på ein del objekt. Det kan kome fleire endringar framover i økonomiplanperioden.

Kommunen har konsesjonskraft som vert omsett i marknaden. Dette salet har gitt Vaksdal kommune store inntekter som har vorte nytta i drifta. Netto gevinst har variert mykje, og fram mot 2017 vart denne reduserte mykje. Signala er at vi må forvente lave inntekter i åra som kjem, og det er gjort følgjande vedtak i KSAK 100/2016 «Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond»



### Konsesjonsavgift

Ved konsesjonar gitt etter industrikonsesjonslova (ikl) eller vassdragsreguleringslova (Vregl) av 1917, pliktar kraftverkseigarane å betale ein årleg avgift til staten og til dei berørte kommunane. Kraftverk bygd etter reglane i vassressurslova frå 2000 kan også bli pålagt å betale konsesjonsavgift, viss mildare årsproduksjon er over 40 GWh (vrl § 19). Føremålet med konsesjonsavgifta er både å gje kommunane ein del av verdiane som blir skapt ved utbygginga og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte. Det er NVE som bereknar avgifta som kraftverkseigarane må betale til kommunane. Midlande vert brukt til lokal næringsutvikling (VNS) og ulike stimuleringsstilskot. Budsjettert beløp er 3,1 mill pr år i 2018-2021.

**Naturressursskatt** er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primærkommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten sjåast i saman med inntektsskatt frå forskotspliktige, og vert ein del av det statlege inntektssystemet. Dette inngår i sentral skatteordning og vert ikkje påverka av lokal eigedomsskatt.

### Renteinntekter og utbytte frå andre selskap

Renteinntekter og utbytte frå andre selskap har vore 1,2 mill betre enn budsjettert. Vaksdal kommune mottar utbytte frå BKK etter eigardelen på 0,37%. Dette har vorte redusert dei seinare åra, og BKK har tidlegare varsla at nivå for utbytte vil vere om lag 1,5 mill for Vaksdal kommune. Utbytte frå BKK frå regnskapsåret 2016 er 1,877 mill.

### Avkastning på verdipapir – Aksjar og obligasjonar

Pr 31.12.2016 er kommunen sin portefølje på 94,8 mill

I budsjett 2017 justert pr 2 tertial er det sett opp netto gevinst på finansielle instrument på 2 mill. Erfaringar frå svingingar i netto gevinst, gjer at kommunen tilpassar driftsbudsjetta utan at ein skal vere avhengig av denne gevinsten. Det har vore lav avkastning dei seinare åra, unntak i 2016 då avkastninga vart betre. Netto gevinst i 2017 var 3,8 mill



AKTIVAKLASSE	MARKEDSVERDI NOK	I PROSENT
Bankinnskudd	3 444 871	4 %
Sertifikat/obligasjoner	76 642 608	80 %
Aksjer	14 740 022	16 %
<b>Totalt</b>	<b>94 827 501</b>	<b>100 %</b>

### Utgifter

Utgiftsnivået i kommunen har over tid vore høgt sett i forhold til tenestene, og inntekter frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og avkastning på aksjar har tidlegare vore brukt til drift.

Kommunal drift går i hovudsak til å produsere velferdstenester som helse og omsorg, grunnskule og barnehagetilbod. Drifta er arbeidsintensiv, og løn og sosiale utgifter utgjer dei største utgiftspostane i kommunale budsjett. Samanlikna med landet forøvrig ser vi at

Av samla brutto driftsutgifter bruker Vaksdal kommune relativt mykje på helse og omsorg. Noko av denne forskjellen kan forklarast med fleire eldre, men kommune har også eit høgt utgiftsnivå når ein justerer for talet på eldre.





## Økonomiske rammer

Dei økonomiske rammene er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan, korrigert for kjente endringar. Inntektene vi falle monaleg i perioden, og rammene til einingane må endrast tilsvarande.

Sentrale postar	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021	ØK-plan 2022
Skatt på inntekt og formue	105 000	105 000	105 000	105 000
Ordinært rammetilskudd	153 300	152 200	152 000	152 000
Skatt på eiendom	31 800	29 800	28 400	27 200
Andre direkte eller indirekte skatter	3 100	3 100	3 100	3 100
Andre generelle statstilskudd	-	-	-	-
Konsesjonskraft	-	-	-	-
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>293 200</b>	<b>290 100</b>	<b>288 500</b>	<b>287 300</b>
Renteinntekter og utbytte	2 720	2 720	2 720	2 720
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	13 500	15 000	22 600	26 400
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	23 400	25 800	27 200	27 800
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-34 180</b>	<b>-38 080</b>	<b>-47 080</b>	<b>-51 480</b>
Til dekning av tidlige regnsk.m. merforbruk				
Til ubundne avsetninger	-	-	-	-
Til bundne avsetninger	3 100	3 100	3 100	3 100
Bruk av tidlige regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	-	-	-	-
Bruk av bundne avsetninger	1 675	1 675	1 675	1 675
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-1 425</b>	<b>-1 425</b>	<b>-1 425</b>	<b>-1 425</b>
Overført til investeringsbudsjettet	2 000	2 000	2 000	2 000
Til fordeling drift	255 595	248 595	237 995	232 395
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	255 595	248 595	237 995	232 395
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Det er ikkje budsjettet med overskot frå sal av konsesjonskraft. Ved auke i eigedomsskatt for hus og fritidsbustader i 2017 var det føresett at 2 mill av denne auken skal overførast frå drift til investering. Dette er vidareført i planen.

### Til fordeling drift

Det er venta at pensjonskostnadene vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene i Statsbudsjettet. Auken i pensjonsutgiftene har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for premieavvik bidrar til å auke samla pensjonskostnar. I økonomiplanperioden vert det føreslått å hente inn midlar årleg frå Premiefondet for å dekke auka pensjonskostnader og unngå ytterlegare nedtrekk. Avsetningane hjå pensjonsleverandøren dei siste åra gjer det forsvarleg å bruke frå fondet til slik dekning.

Rammer	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021	Øk-plan 2022	2019-2022
Til fordeling drift							
<b>Sum</b>	<b>276 371</b>	<b>270 645</b>	<b>255 595</b>	<b>248 595</b>	<b>237 995</b>	<b>232 395</b>	
Årleg endring drift		5 726	15 050	7 000	10 600	5 600	38 250

Driftsmidlane vert redusert i planperioden med vel 38 mill frå 2018 nivå, nær 44 mill frå 2017 nivå. Kommunen har dei seinare åra effektivisert og tilpassa drifta med om lag 30 mill. Dei økonomiske vilkåra i komande planperiode vil krevje nye og større omstillingstiltak enn tidlegare. Det er nødvendig å bruke tida fram mot budsjettet til å utarbeide framlegg til tiltak for 2019 der omstillingsbehovet er 15 millioner. Driftsmidlane er derfor fordelt førebels i økonomiplan og synleggjort moglege bruk av premiefondet i ein omstillingsfase.

Vaksdal kommune - Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022

Rammer	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021	Øk-plan 2022
Fellesområde Økonomi	29 383	28 865	28 595	27 895	26 995	26 395
Tenestemråde Helse og omsorg	120 791	113 053	110 200	106 000	96 000	94 000
Tenestemråde oppvekst	87 104	87 240	86 300	85 100	82 000	79 000
Tenestemråde Samfunnsutvikling	39 093	41 487	40 500	39 600	38 000	38 000
bruk av premiefond			-10 000	-10 000	-5000	-5000
<b>Sum</b>	<b>276 371</b>	<b>270 645</b>	<b>255 595</b>	<b>248 595</b>	<b>237 995</b>	<b>232 395</b>

## Investeringar

KAPITALBUDSJETT	ØPL. 2019	ØPL. 2020	ØPL. 2021	ØPL. 2022	SUM 2019-2022
<b>FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT</b>					
Ikt/Digitalisering	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
Kyrkja - investeringar	1 700 000	1 700 000	200 000	200 000	3 800 000
<b>HELSE OG OMSORG</b>					
Prosjekt Demenssenter/helsehus	8 000 000	36 000 000	36 000 000	7 000 000	87 000 000
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	300 000	300 000			600 000
<b>OPPVEKST</b>					
Dale barne- og ungdomskule	169 100 000	25 000 000			194 100 000
Tilbygg Vaksdal skule	5 000 000	28 500 000	28 500 000		62 000 000
Dale barnehage					
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
<b>SAMFUNNSUVIKLING</b>					
Investeringar kommunale bygg	7 700 000	6 000 000	5 000 000	27 500 000	46 200 000
Stanghelle Vest - Tettanaset bustadområde				9 500 000	9 500 000
Møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø / trafikksikring	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
Samferdsel og rastiltak	3 000 000	3 300 000	500 000	1 100 000	7 900 000
Plan og geodata	2 200 000	1 200 000	1 200 000	200 000	4 800 000
Brannbil Vaksdal					
Vassforsyning	11 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	16 000 000
Avlaup	3 500 000	7 500 000	9 500 000	1 500 000	22 000 000
<b>SUM INVESTERINGAR</b>	<b>213 900 000</b>	<b>112 900 000</b>	<b>84 300 000</b>	<b>50 400 000</b>	<b>461 500 000</b>

	ØP 2019	ØP 2020	ØP 2021	ØP2022	2019-2022
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	-	-	-		-
Bruk av ordinære lån	160 400 000	83 300 000	59 000 000	30 300 000	333 000 000
<b>Samla låneopptak</b>	<b>162 400 000</b>	<b>85 300 000</b>	<b>61 000 000</b>	<b>32 300 000</b>	<b>341 000 000</b>
Sal av fast eigedom	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
Frå fond	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	16 000 000
Frå drift	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Frå MVA	44 500 000	20 600 000	16 300 000	11 100 000	92 500 000
Lån IB	386 700 000	525 700 000	585 200 000	619 000 000	
Lån IB + nytt låneopptak	549 100 000	611 000 000	646 200 000	651 300 000	
Avdrag	22 000 000	24 400 000	25 800 000	26 100 000	98 300 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000
<b>Sum avdrag</b>	<b>23 400 000</b>	<b>25 800 000</b>	<b>27 200 000</b>	<b>27 500 000</b>	<b>103 900 000</b>
Lånegjeld etter avdrag	525 700 000	585 200 000	619 000 000	623 800 000	
<b>Renteutgifter gamle og nye lån</b>	<b>13 500 000</b>	<b>15 000 000</b>	<b>22 600 000</b>	<b>26 100 000</b>	<b>77 200 000</b>

Det er føresett at sal av fast eigedom, bruk av fond, overføring frå drift og MVA-kompensasjon reduserer behov for låneopptak.

### Tiltak i investeringsplanen

Investeringar i gjeldande plan er vidareført i større rammer i økonomiplanen, i årsbudsjetta er det meir detaljert sett opp. Det er store investeringar i økonomiperioden, noko som vil føre til vesentlege konsekvensar i driftsbudsjettet frametter. Av større tiltak i perioden kan nemnast investeringar til skulebygg samt bygg for helse og omsorg.

### Felles økonom – sentralt budsjettet

Investeringane til IKT, datatryggleik og digitalisering er vidareført, den økonomiske situasjonen krev auka satsing på digitale løysingar. Det er lagt inn midlar til utbetring av murar samt planlegging av utviding av gravplassen på Dale som vil vere full i løpet av 5-10 år. I tillegg er det satt av 200 000 årleg til vedlikehald av kyrkjer og gravplasser.

### Helse og omsorg

Det er lagt inn ein auke i midlar til byggeprosjekt i samband med omleggingane i tenestene i ressurs-senter på Vaksdal samt helsehus på Dale. Det kan verta nødvendig med ytterlegare investeringar i perioden til omlegging av drifta dersom det vert aktuelt med produksjonskjøkken. Meir detaljerte kostnadsberekningar og utgreiingar av kjøkken vil ligge føre i skisseprosjekt som skal vere klart til budsjetthandsaming i 2018. Ei ev investering må redusere driftskostnadane innan tenesteområdet. Det er lagt til grunn at ein nyttar Husbanken sine låne- og tilskotsordningar til dette prosjektet. Tilskotsordningen for rehabilitering er vidareført ut 2021, seinare vil tilskotsordninga gjelde bygging av nye plassar.

### Oppvekst

I planperioden er det lagt inn resterande del av vedteken ramme til ny Dale barne- og ungdomsskule på Dale med 25 meters basseng, kultursal og folkebibliotek. Det er lagt til grunn at budsjettet for 2018 vert justert opp med 33 millionar kroner i samband med handsaming av fyrste tertial 2018. Midlar til tilbygg for Vaksdal skule er opprettheldt i tråd med vedteken økonomiplan. Her kan det bli endringar når byggeprogrammet vert lagt fram.

### Samfunnsutvikling.

Det er lagt inn midlar til investeringstiltak for kommunale bygg, restfinansiering av ombygging 1-3 etasje i heradshuset. Mot slutten av planperioden er det lagt inn midlar til planlegging av nye brannstasjonar på Dale og Vaksdal.

Til utbygging på Tettaneset er infrastruktur første byggetrinn byggetrinn 2 lagt inn i 2021. Det er lagt inn midlar til områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle samt arbeid i samband med planprosessar mellom anna knytt til K5. Ulike tiltak knytt til kommunale veger, møteplassar, trafikk- og rassikring er lagt inn. Innan sjølvkost er kostnadane ved vass- og avløpssanering lagt inn. Vidare er det som står att av finansiering av Vaksdal vassverk samt avløpssanering Vaksdal og Stanghelle lagt inn.


## Lån, renter og avdrag

I økonomiplanperioden er det lagt opp til store investeringar, spesielt knytt til ny skule på Dale og rehabilitering av skule på Vaksdal.


Pr 31.12.2017 har kommunen omlag 308 mill i lånegjeld, ved utgangen av 2022 vil gjelden ha auka til om lag 624 mill. Investeringsrekneskapen er budsjettert med tal inkl MVA. Momskompensasjon for investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen, og påverkar ikkje drifta.

I økonomiplanperioden vert det budsjettert med ei budsjetrente på 2,45% i 2019 og 2020, og deretter aukande til 3,5% i 2021 og 4% i 2022. Dette gir ei auke på 12,8 mill over økonomiplanperioden.

Med dagens rentenivå er dette realistisk, men inneber noko auka risiko. I eit lengre perspektiv er det viktig å leggje til grun ei høgare rente, slik at ei framtidig drift vil kunne bære større rente- og avdragsutgifter.



### Konsekvenser av ulike renter



## Fond

Kommunen har bygd opp disposisjonsfondet dei seinare åra. Hovuddelen er knytt til amortiseringsfondet for pensjonskostnader. I økonomiplanperioden er det lagt til grunn å nytte amortiseringsfondet til årleg avskrivning av premieavviket og til å dekke negativt premieavvik og ev tap på verdipapir. I Kommuneproposisjonen 2019:

Lavt rentenivå har over tid bidratt til veksten i pensjonspremier og pensjonskostnader. Kommunesektoren har samtidig betydelig gjeld og har dermed også fordeler av det lave rentenivået. Departementet vil understreke at kommuner og fylkeskommuner har et selvstendig ansvar for pensjon, som er en del av lønns- og avtalevilkårene i kommunesektoren.

For deler av fondsmidlane er det gjort vedtak om løyving som ikkje har kome til utbetaling enda t.d. finansiering mobilutbygging.

Fondstype	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017
Disposisjonsfond	56 539 011	67 533 681	67 423 402	70 648 429	80 664 459
Bundne driftsfond- k.to 2.51	28 350 136	37 198 718	37 079 499	40 262 063	38 389 169
Ubundne investeringsfond – k.to 2,53	42 143 911	39 786 674	39 561 643	41 932 470	41 614 791
Bundne investeringsfond – k.to 2.55	8 488 193	4 007 774	4 629 879	5 786 471	4 797 626
<b>Totalt fond pr. 31/12</b>	<b>135 521 251</b>	<b>148 526 846</b>	<b>148 694 423</b>	<b>158 629 433</b>	<b>165 466 045</b>

# Handlingsprogram i planperioden

## Gjennomgåande fokusområde

### Folkehelse og levekår

Kommuneplanen innleiar med å skildre samfunnet vårt slik:

*Vaksdal kommune er kjenneteikna av nærleik, samhald og omsorg. Det er eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, landskap, kultur, historie, næringsliv er viktige bærebjelkar i lokalsamfunnet.*



**Folkehelselova** kom i 2012 i tråd med intensjonane i Samhandlingsreforma. Føremålet er å bidra til samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og bidreg til å utjamna sosiale skilnader. Det vert tydeleg presisert at folkehelsearbeidet skal vera heilskapleg på tvers av sektorar. Lova byggjer på fem prinsipp: utjamning, helse i alt me gjer, berekraftig utvikling, føre var, medverknad.

**Folkehelsemeldinga** «Mestring og muligheter» (2014-15) peikar på at kvar enkelt har ansvar for eiga helse, og at folkehelsepolitikken må leggja til rette og skapa gode mogelegheiter for det. Psykisk helse har fått større plass, og merksemda er retta mot aktiv aldring. Å delta i arbeidslivet vart framheva som både bra for helsa og for å sikra økonomisk tryggleik.

God folkehelse og gode levekår går som ein raud tråd gjennom heile planen og inngår i mål og strategiar som er valt. Dette finn ein og i kommunedelplanar og temaplaner frå dei seinare åra. Me ønskjer oss ein kommune og eit samfunn der det er mogeleg å vera aktiv og deltakande, og som er tilrettelagt slik at det fremjar mestring. Lev Vel i Vaksdal handlar om å fremje aktivitet, deltaking og mestring heile livet. Fokuset på «Tidleg innsats» handlar også om å fremje mestring og å hindre utenforskap.

For å skapa eit miljø der flest mogeleg deltek og er aktive, treng ein eit sterkt sivilsamfunn. Frivillig arbeid engasjerer og er viktig for fellesskap og utvikling. Pårørande og andre frivillige gjer ein stor og viktig innsats i dette arbeidet, men det er likevel stort potensiale for å nytta og samarbeida betre.

Folkehelseoversynet frå 2015 og årlege folkehelseprofiler (Folkehelseinstituttet) syner både positive sider og kva utfordringar kommunen har. Profilen i 2017 er også gjennomgåande for fleire år og viser:

- Høg trivsel i skulen
- Trygt nærmiljø
- Færre med psykiske lidningar
- Høgt sjukefråver og høg andel uføre
- Fleire med muskel og skjelettlidningar og diabetes type 2
- Fleire skader med behandling i sjukehus

Dette vert lagt til grunn for mål og strategiar i handlingsprogrammet på kort og lang sikt og tiltaka involverer alle deler av den kommunale verksemda. Samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, andre kommunar, fylket og statlege verksemdar er nødvendig for å motverke levekårsutfordringar. Å motivera og tilretteleggja for ansvar for eiga helse og størst mogleg grad av aktivitet og deltaking er viktig.

*Folkehelsearbeidet er sektorovergripande og dreiar seg om førebyggjande og systematisk arbeid. Utfordringa med folkehelsearbeid er at resultatane gjerne ikkje viser seg før lenge fram i tid.*

## Samfunnstryggleik

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og trygghet innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.



Vaksdal kommune gjennomførte i 2014 ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse; «Saman om eit meir robust samfunn». I analysen er 70 uønskt hendingar analysert og lista opp. Av desse har 37 fått treff i farga sone i risikomatrissa for minst eitt av dei 8 konsekvenskategoriane.

På bakgrunn av sårbarheitsanalysen gjennomførte kommune ein hovudrevisjon av den overordna Beredskapsplanen revidert i 2015.

Overordna beredskapsplan er eit operativt «verktøy» som kriseleiinga skal nytte for å kunne handtere ulike uønskte hendingar på ein tilfredsstillande måte. I tillegg til ein god beredskapsplan, er ein avhengig av at kommunen si kriseleiing og støttepersonar har god kjennskap til innhaldet i planen og at dei har gjennomgått øvingar og reelle hendingar for at dei

skal kunne gjere ein tilfredsstillande innsats. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen har som mål å ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med den arealplanlegginga som skjer kontinuerleg. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar (26.06.09) omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

### Mål for samfunnstryggleik i planperioden

- Revidere heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse
- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga, evaluering
- Årleg revisjon av beredskapsplan
- Sikre naudstraum viktige funksjonar



## Klima og miljø

Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse. Kommunane må førebu seg og førebygga konsekvensar av klimaendringane. Tiltak som reduserer klimautslepp gjennom arealbruk, transportplanlegging og energiøkonomisering i drift av bygg er døme på dette. Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevjande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde. Vaksdal har mykje utpendling i dag og det ligg potensiale for folketalsvekst i raskare og tryggare transportsystem i framtida.

Klimautfordringar med auka nedbør, flaum, ras, havnivåstigning og springflo er tema som er viktige både som tema- og arealplanarbeid. Av alle fylkene i Norge er det Hordaland som har størst utslepp av klimagassar. Transportsektoren og industri er dei største kjeldene, og halvparten av



klimagassutsleppa skjer på område der kommunal sektor har verkemiddel. Ei sentral utfordring er å ta klimaomsyn i all samfunns- og arealplanlegging, slik at tilpassing til eit «klimateknologisk» samfunn og ny teknologi gjev «grønt» skifte. Dette vil også gjelde for energi og nullutsleppsteknologi, og er del av kommuneplanen si overordna målsetting i samfunnsdelen, og pregar særleg arealplanlegging, beredskapsplanar, innkjøp og drift/vedlikehald. Klima, energi og miljø vil vere eit viktig tema i arbeidet med områdeplanane i stasjonsbyane, og vil få stort fotavtrykk.



#### Mål for klima og miljø i planperioden

- Rullering av energi- og miljøplan i slutten av planperioden.
- Utarbeiding av temaplan for småkraft.
- Nye kommunale kjøretøy skal som hovudregel vere elektriske.

## Digitalisering



Teknologiske løysingar og digitalisering blir karakterisert som ein megatrend for utvikling av samfunn og økonomi. Innafor alle område, i privat og offentleg verksend, kan teknologi bidra til effektivisering og endring. Arbeidsoppgåver og jobbar vert automatisert og digitalisert. I ei fersk stortingsmelding «Digital agenda for Norge» (Meld.St.27, 2016) er digitalisering trekt fram som eit viktig verkemiddel for auka produktivitet, innovasjon og omstilling i Norge. Perspektivmeldingen ( Meld.St.29, 2017) som vart lagt fram i 2017 peiker på det same og trekker fram teknologi som ein viktig premis for eit framtidig godt velferdssamfunn. I kommunal sektor vert det særleg peika på eit potensialet for å nyttiggjere seg teknologi innan helse og omsorgs tenestene.

Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Vaksdal kommune m.a. for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. I prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» skal teknologi bidra

til aktivitet og deltaking heile livet. «*Bruk av velferdsteknologi i dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal gi folk mogelegheit til å meistra eige liv og helse og bidra til at flest mogleg med nedsett funksjonsevne kan bu lenger i eigen heim*» (kommunedelplan helse og omsorg).

Vaksdal skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysingar. Auka digitalisering er eit viktig satsingsområde både nasjonalt og lokalt. Innbyggjarane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT samarbeid mellom kommunar er plattformen for vidare utvikling lokalt.

*Teknologiutvikling og digitalisering er en drivkraft for hvordan kommunal sektor organiserer, utvikler og leverer tenester. Digitalisering dreier seg i stor grad om endring og fornyelse av tjenester, prosesser og arbeidsmåter. Digitale løsninger må endres i takt med at teknologien og samfunnet endrer seg.* (Digitaliseringsstrategi mot 2020, KS )



## Tenestene

### Oppvekst

I rammene for tenesteområdet oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT barnevernstenesta, helsestasjonen, Vaksdal introcenter og NAV.

Vaksdal kommune har 4 barnehagaog 5 skular. I tillegg kjøper kommunen skuleplassar til elevar frå Eidslandet skulekrins i Modalen kommune. Kommunen yter òg tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidsland og Modalen som går i barnehage i Modalen.



I handlingsplanperioden er det fleire endringar og nye føringar i nasjonale planverk både innan barnehage og skule. Gjennomgåande tema i dei overordna nasjonale planane er folkehelse og livsmeistring, demokrati, medborgarskap og berekraftig utvikling. Læringa framover skal sjåast i lys av at elevane skal ha kompetanse til å tileigna seg og bruka kunnskap og ferdigheiter til å meistra utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.

Ny overordna del for læreplanane og reviderte læreplanar for skule fram mot 2020 og ny rammeplan for barnehage vil naturleg verta ein del av ramma for kvalitets- utvikling i barnehagane og skulane våre. Kommunedelplan for Oppvekst skal rullerast i planperioden.

Innbyggjarane som nyttar tenestene i oppvekst møter oss på mange arenaer der det er tilsette som har ansvar for utforminga av tilbodet, innanfor dei ressursane vi har tilgjengeleg. Medverknad skal prega dei daglege aktivitetane og fremjast i styrande prosessar i tenestene. Alle born og unge skal ha gode og trygge barnhage- og skulemiljø i Vaksdal. For å fortsetje den gode trivselen i skular og barnehagar vert det framleis fokus på programma DUÅ og PALS.

#### **Mål og strategiar for tenesteområdet byggjer på dei framtidige føringane om er skildra**

*Vaksdal kommune skal byggje og rehabilitera nye framtidretta skular på Dale og Vaksdal som innbyr til lærelyst og læring*

*Tenesta har tydelege og trygge vaksne som skapar gode relasjonar, læring, engasjement og motivasjon gjennom varierte arbeidsmetoder for å auka læringsutbytte hjå born og unge*

*Tenesta auka bruk av teknologi og digitale verkty som støtte til læring og samhandling for kvalitetsutvikling av læring*

*Tenesta skal ha gode strukturar for systematisk arbeid og samarbeid i høve tidleg innsats for skape rammer der barn og vaksne opplever tryggleik, livsmeistring og medverknad.*

- Skulane og barnehagane deltek i nasjonal rettleiing for kvalitetsutvikling
- Skulane går inn i partneskap med Høgskule på Vestlandet for digital kompetanse
- Barnehagane gjennomfører kompetanseheving for eit inkluderande barnehagemiljø
- Born, unge og deira føresette skal oppleve å ha «ei dør inn» til tverrfaglege tenester
- SFO vert rusta til å verta ein muligheitenes arena for borna
- Leiing i skular og barnehagar skal arbeida med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling

## Helse og omsorg

Tenesteområdet yter helse- og omsorgstenester til innbyggjarar i alle aldrar med fysiske, psykiske og/eller sosiale funksjonsvanskar. Det dreier seg om førebyggjande helsearbeid, råd, rettleiing og tilrettelegging, diagnostisering, behandling og re-/habilitering, aktivisering, pleie og omsorg og bistand. Tenester vert gitt i eigen heim og på institusjon.



Dei fleste tenester er forankra i dei to sentra som vert etablert og utvikla gjennom prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal»: Ressurscenter for demens og Helsehus med visningsrom for teknologi. Hovudprosjektperioden varer 3 år frå juli 2016. Det overordna målet er å utvikla framtidretta og gode helse- og omsorgstenester for å møte dei utfordringar som kjem i åra framover med større etterspurnad og behov samstundes som tilgjengelege ressursar vert redusert. Utviklingsarbeidet må holda fram også etter at prosjektperioden er over.

Utviklingsarbeid knytt til «Lev Vel i Vaksdal» er i tråd med sentrale føringar og lokale styringsdokument og skal realisera strategiane frå «Kommunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030», vedteken av Kommunestyret i april 2016. Planar og strategiar samsvarar godt med sentrale føringar og meldingar til kommunane om å satsa på innovasjon og nye og effektive metodar.

Meld St. 15 «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» vart lagt fram i mai 2018 og varslar ein reformperiode på fem år med oppstart i januar 2019. Kommunane skal kartleggja behov og utfordringar og gjennom politiske vedtak ta stilling til forslaga i reformen. Innsatsområde og metodar i reformen har svært mykje til felles med «Lev Vel i Vaksdal», noko som gjer at me har eit godt utgangspunkt ved inngangen til reformperioden. «Kommuner som omstiller seg i tråd med reformen, vil bli prioritert innenfor relevante eksisterende og eventuelle nye øremerkede ordninger. (...) Reformen skal evalueres gjennom følgeforskning i et representativt utvalg kommuner.» (Meld.St. 15)

I økonomiplanperioden vert det endringar og tilpassingar innan heile tenesteområdet. Økonomisk vert det krevjande og eit slikt nedtrekk krev stor endring. Grensa mellom offentlig og privat ansvar vert utfordra, og helsepersonell må samarbeida med brukarar, pårørande og frivillige i langt større grad enn tidlegare. Me må prioritera hardt framover og konsentrera oss om det mest naudsynte og få mest mogleg ut av tilgjengelege ressursar. Samstundes må tenestetilbodet utviklast slik at me er førebudde på framtidige utfordringar.



### Mål for tenesteområde Helse og omsorg 2019 -2022

Det overordna målet er at innbyggjarane skal få forsvarlege og «gode nok» tenester innanfor dei ressursar me har tilgjengeleg.

*Me skal etablere Ressurscenter for demens i Jamneområdet og Helsehus på Daletunet.*

- Utvikla sentra gjennom prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal» i tråd med styringsdokument.
- Kunnskapsbasert og innovativ utvikling av tenester og metodar.
- Styrka tverrfagleg samarbeid for å betra pasientforløp og få meir samheng i tenestene.
- Bygningar og uteområde som er tilrettelagt for brukarar og hensiktsmessig for drift.

*Me skal ha fokus på ressursar hjå brukar og jobba helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande.*

- Byggja ut tenester på dei nedste stega i omsorgstrappa.
- Saman med andre fag- og tenesteområde bidra til å betra folkehelsa i kommunen.
- Kompetanseheving og bevisstgjerjing av tilsette på alle ledd og alle avdelingar.

- Nytt metodar som kartlegg ressursar og har meir fokus på tidleg innsats og gruppebasert oppfølging samt habilitering/rehabilitering.

*Me skal fremja og leggja til rette for brukarmedverknad.*

- Nytt eksisterande råd og organisasjonar/grupper for brukarmedverknad på systemnivå.
- Nytt brukarmedverknad bevisst gjennom prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» med delprosjekt og aktivitetar og ved etterfølgjande utviklingsarbeid.
- Ha fokus på brukarmedverknad på individnivå i møte med brukarar og pårørande og nytt metodar som fremjar medverknad.

*Me vil nytta omsorgsressursar i samfunnet, stimulera til auka innsats og leggja til rette for samarbeid med frivillige.*

- Utvikla samarbeid med frivillige og Frivilligsentral og nytta mogelegheiter for å styrka dette gjennom konkrete samarbeidsprosjekt.
- Leggja til rette for godt samarbeid og god dialog med pårørande, gjennom pårørandemøte og Brukarutval o.a.

*Me skal digitalisera og ta i bruk teknologi for å nytta ressursar på beste måte og for at innbyggjarar og brukarar kan oppnå betre meistring og livskvalitet.*

- Auka kunnskap om mogelegheiter og produkt. Gjennom informasjon, visningsrommet Vågtech, kurs, vidareutdanning, nettverk, prosjekt m.m.
- Tilpassa tenestetilbod og realisera gevinstar etter kvart som nye produkt og metodar vert tekne i bruk.



Referansegruppa i «MedvirkDem» er samansett av tilsette sine representantar, leiarar, politikar, leiar av Eldrerådet, pårøranderepresentantar, Nasjonalforeningen for Folkehelsen og forskarar.

## Samfunnsutvikling


Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse. Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevjande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde. Vaksdal har mykje utpendling i dag og det ligg potensiale for folketalsvekst i raskare og tryggare transportsystem i framtida. Kommunen legg til rette for utvikling gjennom områderegeringsplanar for stasjonsbygdene Stanghelle og Vaksdal.



Utbygging og fortetting i stasjonsbyane er viktig for å realisere vinstane med ny veg og bane. Vaksdal som liten kommune vil ha utfordringar med å skape ei slik utvikling åleine, her er ein avhengig av samarbeid både med nabokommunar og andre offentlege samt private aktørar for å lukkast. Konkurransen med andre område rundt Bergen vil framleis vera stor. Næringslivet i Vaksdal er i utgangspunktet eit relativt lite miljø og det er liten aktivitet innan plan og bygg. Private planar er det få av i kommunen og kommunen har til no ikkje vore attraktiv nok for private utbyggarar. Utbygginga på Tettanaset på Stanghelle er i så måte spanande for å måle interessa frå slike prosjekt i kommunen.

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040. Rådmannen legg til grunn at kommunen er ein aktiv samfunnsutviklar gjennom:

- godt samarbeid med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar,
- å jobbe for gode løysingar i arbeidet med statleg plan for ny veg og bane for Arna –Stanghelle,
- utarbeiding av områdeplanar for utvikling av Vaksdal og Stanghelle.



Vaksdal kommune har **samhald**, **open** og **nyskapande** som verdiar. Verdiane speglar eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, landskap, kultur, historie og næringsliv er viktige berebjelkar i lokalsamfunnet. Å vere bynær er ei viktig føremon for utvikling av kommunen.

Vaksdal nyttar nærliggande sentrum, som Voss og Bergen, til mange service- og tenestefunksjonar, og har såleis eit nært forhold til begge desse stadane.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blømande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit døme på det. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan me auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Kommunen forvaltar store verdiar knytt til infrastruktur. Ein har nyleg slutført kartlegging av tilstanden for kommunale vegar og bygg. Kartlegginga syner at tilstanden på det kommunale vegnettet i hovudsak er god, medan det står dårlegare til med dei kommunale bygga.

Basert på tilstandsregistrering, vegtype og trafikkmengd er det utarbeidd ein handlingsplan for forsterking og grusing/reasfaltering av kommunale vegar basert på 4 ulike rammer (utdrag)

Total utbetningskostnad for kommunale vegar er rekna til 39,8 mill. kroner. Med ein ramme på 0,8 millionar kroner (nivå 1) tar det 50 år før alle veger er utbetra, 25 år ved nivå 2, 12,5 år ved nivå 3 og 8 år ved nivå 4. Ein reknar med at asfaltdekke har ein levetid på 15 år, det vil seie at nivå 3 vert anbefalt som ein fornuftig langtidsplan for vegnettet. Ein vil nytte den utarbeidde handlingsplanen ved prioritering av kommunale vegar. Ein samla oversikt over kommunale vegar med tilstand og prioritering av tiltak var med som vedlegg til økonomiplanen for perioden 2018-2021. Dette er no eit levande dokument som fortløpande vert oppdatert.

Tilstandsregistreringa for kommunale bygg syner eit etterslep på vedlikehald på 500 millionar kroner innan 5 år. Skulebygga har dårlegast tilstand, men det er også store utfordringar for fleire av kulturbygga våre. Dale barne- og ungdomskule åleine står for 168 millionar kroner, og ved å byggje ny skule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal vert etterslepet redusert monaleg. Ein stor utfordring er at store delar av etterslepet på kommunale bygg og vegar må finansierast med driftsmidlar, til dømes utskifting av tak og vindauge samt reasfaltering av vegar.

Me har for stor bygningsmasse i høve til folketalet. For at me skal ha evne til eit berekraftig vedlikehald av kommunale bygg må vi redusere og effektivisere bygningsmassen monaleg. Me må tilpasse ambisjonsnivået for tilstand på bygga våre til dei strukturval som vert gjort for tenestene våre. Fleire av bygga våre må me avhende for å redusere driftskostnadene slik at me kan prioritere dei viktigaste bygga for kommunal tenesteproduksjon.

Me må i perioden framover prioritere hardare og syte for at investeringar i infrastruktur gjev oss lågare driftsutgifter. Store investeringar i økonomiplanperioden gjer det naudsynt med større tiltak for å redusere driftsnivået.

*Målsettingar i økonomiplanperioden forankra i verdi og hovudmål i kommuneplanen:*

SAMHALD	OPEN	NYSKAPANDE
Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle.	Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet.	Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.
Støtte til- og samarbeid med eldsjeler og lag organisasjonar om kulturarrangement, turløyper og nærmiljøanlegg.	Oppstart utbygging av Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.	Auka sambruk i kommunale bygg, nye skulebygg på Vaksdal og Dale.



## Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Om lag 450 personar fordelt på om lag 320 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver.

### Overordna mål og strategiar

#### Visjon og verdigrunnlag

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det utarbeida visjon og verdiar for kommunen. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar. Vår visjon er «bynært bygdeliv». Overordna verdiar er uttrykt som «Nyskapande – Open – Samhald».

Gjennom organisasjonsutviklingsarbeidet (OU) arbeide heile kommuneorganisasjonen med felles verdiar og valde «respekt – tillit – kompetanse – løysingsorientert». Desse verdiane høver godt inn under våre overordna verdiar fastsett i kommuneplanen.

Visjon, verdiar, etikk og samfunnsansvar utgjer ei felles plattform. Administrasjonsutvalet har satt i gang rullering av arbeidsgjevarpolitikken i 2017.


#### Mål og strategiar for organisasjonen

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

### Organisering

Kommunen er organisert i to nivå med rådmann, stab og 4 resultateiningar.

Omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane ligg til grunn for organiseringa. Organiseringa skal ivareta krav til rolledeling og gjennom det sikre god internkontroll. Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen og god leiing er avgjerande for innovasjon og utvikling.



Både strategisk leiing på rådmanns nivå og operativ leiing på einingsleiarnivå er redusert dei siste åra. Prioritering av større utviklingsoppgåver ligg til grunn. I ei utfordrande tid for kommunen er det viktig å finne rett nivå for strategisk og operativ leiing for å sikre tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og endringskraft balansert mot økonomi.

*Ein handlekraftig organisasjon fangar opp og responderer hurtig på behovsendringar, styrer etter fellesskapets beste løysningar og er god på intern og ekstern samhandling.*

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen. Mål og resultatkrav er nedfelt i leiaravtalar.

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for å iverksetje politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogelege resultat og kvalitet i tenestene:

Linjestyring – styring av basisorganisasjon

Prosjektstyring – styring av mellombels organisasjon som eit prosjekt eller program

Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre

Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

**Styringssystemet** (verksemdsstyring) er rådmann sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- sikre etterleving av lover og forskrifter
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosesser og riktig ressursbruk
- sikre læring, forbetring og innovasjon

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høy etisk standard.

En hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosesser og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.

Rådmanns har årleg en gjennomgang av risikostyring og internkontroll for å sikre «betryggende kontroll». Løpande oppfølging og rapportering gjennom året skjer i styringslinja og gjennom rådmanns stab. Verktøyene er vidareutvikla og rutiner er gjennomgått og revidert. Kvalitetssystemet er eit verktøy for bl.a kvalitetsutvikling, risikostyring og avvikshåndtering. Arbeidet med nye regler for personvern, som skal tre i kraft i heile EØS området i mai 2018, har pågått gjennom året.

Kommunen prioriterer utviklingsarbeid høgt for å vera rusta for framtida . Gjennom Lev Vel i Vaksdal-prosjektet pågår det omfattande kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid innafor helse og omsorg. Store deler av organisasjonen er involvert i aktiviteter og tiltak, kommunen samarbeider også aktivt med ulike FoU miljø og andre kommunar. Oppvekst har hatt eit gjennomgåande utviklingsarbeid gjennom regionsamarbeidet over fleire år. Både barnehage, skule og PPT er involvert. Kommunen er og med i Udir sitt program og deltek på samlingar nasjonalt og har besøk av rettleiarkorpset lokalt.

Alle organisasjonar er i stadig endring. Endringstakten i samfunnet aukar og stiller nye krav til oss. Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Arbeidet vil krevje gode leiarar, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa. Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte.

### Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunesektoren skal møte framtidens behov og endringane som skjer i samfunnet. Dette krev ein nyskapande og endringsdyktig organisasjon med gjennomføringskraft til å utvikle tenester og arbeidsformer. For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med riktig kompetanse.

Vårt overordna mål for arbeidsgjevarpolitikken er definert som

- Vaksdal kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar
- Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon



Arbeidsgjevarpolitikken er under revidering og mål og strategiar skal reflektere dei utfordringane kommunesektoren møter samt lokale mål i kommuneplanar og handlingsprogram. Revisjon av tilhøyrande planar og ev reglement vert lagt inn som tiltak under desse overordna måla.

Det er utarbeida mål og strategiar for følgjande innsatsområder i arbeidsgjevarpolitikken:

- Etikk og samfunnsansvar
- Medarbeidarskap og leiing
- Samarbeid og arbeidsmiljø
- Innovasjon og utvikling
- Kompetente medarbeidarar
- Mangfald og likeverd



## Vedlegg

Oversikt status kommunale bygg

Fylkesprognosar folketal 2018 – 2045 Hordaland - kommunevis

Nøkkeltal og analyse



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
45/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	04.06.2018
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		18/681

### HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

#### Vedlegg:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 - 2022

Kommunale-bygg-vedlegg ØP (2)

Fylkesprognosar folketal 2018 -2045

revidert nasjonalbudsjett 2018 og kommuneopplegget for 2019. (L)(105433)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 45/2018

#### FPØ - Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

Rådmannen legg med dette fram Handlingsprogram og Økonomiplan 2018-2021.

Kravet til handlingsprogram er heimla i Plan-og bygningslova §11-1 *Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.

3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

Framlegg til årsbudsjett for 2019 kjem til behandling i haust med vedtak i desember.

Utfordringane i økonomiplanperioden er store og rådmann vil i samråd med ordførar legge til rette for arbeidsøkter med økonomiutvalet i samband med budjetthandsaminga i haust.

Følgande saker er ikkje klare til økonomiplanen og vert fremja som del av budsjettprosessen i haust:

- Vurdering av rammer Kyrkjeleg Felle råd
- Heiltidskultur ein sjukeheim
- Ombygging Ressurssenter Vaksdal og Helsehus Dale –vurdering av prosjekt
- Produksjonskjøkken helse og omsorg
- Herfindalsvegen
- Trafikksikringsnemnd
- SFO
- Barnehageplass for 1 åringar
- Ev. andre saker som naturleg høyrer heime under budsjettsaker